

Samferdselsutvalet

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
201112482-23/015.T14/RORO

Bergen, 29. mai 2013

## Innkalling til møte i samferdselsutvalet

Du vert med dette kalla inn til møte i samferdselsutvalet.

**Tid: onsdag 5. juni 2013****Stad: Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt 5, Bergen  
Møterom 367**

Det er lagt opp til at medlemmane tek del i miljøseminar som ein del av kollektivstrategiarbeidet.

Tid: kl. 10:30-13:30

Stad: Grieghallen, salong Nina

Arrangementet er i første rekke mynta på fylkespolitikarar.

Det vil bli servert enkel lunsj.

Program:

10:30	Velkommen Kort om arbeidet med kollektivstrategi for Hordaland <i>v/Oddmund Sylta</i>
	Miljøeffektar av kollektivtrafikken i Bergensområdet <i>v/John M. Jacobsen, Skyss og Hans Petter Duun, Norconsult</i>
	Korleis styrke kollektivtrafikken sitt bidrag til ei miljøvennleg utvikling av transportsektoren? <i>v/ Aud Tennøy, forskningsleiar Transportøkonomisk institutt</i>
	Ruter sine strategiar på miljøområdet – kva fungerer? <i>v/ Bernt Reitan Jenssen, adm. dir. Ruter</i>
	Arbeid i grupper: Innspel til arbeidet med kollektivstrategi for Hordaland
13:30	Slutt

**Til dette møtet har Tom Skauge (SV meldt forfall. – Jorge Del Pino vert innkalla.**

-----Det er lagt opp til slik timeplan for møte:

09.00 - 10.20	Gruppemøte
10.30 - 13.30	Miljøseminar
13.55 - 14.00	Oppmøte
14.00 - 14.15	Orientering om tryggleikskontrollen på Flesland v/Adelheid Nes
12.30 - 13.00	Lunsj
13.00 -	Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å nytte vedlagte forfallskjema. Skjemaet kan hentast på [www.hordaland.no/politikk/håndbok](http://www.hordaland.no/politikk/håndbok) for folkevalde. Returner skjemaet på e-post til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no) eller send det på fax til 55310928.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i utvalet. Innkallinga vert sendt varamedlemer til orientering. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Gustav Bahus

Kopi: Fylkesordføraren, Direktørane, Regionvegsjefen

## MELDINGAR - Samferdselsutvalet

**Periode:** 14. mai 2013 - 05. juni 2013

<b>Nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Referatsaktittel</b>
68/13	201201490-2	Spørsmål om reguleringsplanarbeid på strekninga Eikås - Knarvik - Svar på oversendingsforslag
69/13	201304073-1	Service- og vedlikeholdsavtaler for sanntidstavler - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet
70/13	200800095-51	Møtereferat - Fylkestrafikksikringsrådet 19.03.13
71/13	201113426-3	Spørsmål om planar for bru mellom Fosse og Tangerås på Fv 49 - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet
72/13	201304071-1	EU sitt direktiv for anbudsutsetting av kollektivtransport - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet
73/13	201209174-12	Nytt kollektivtilbud Hardanger og Voss - Justeringar i rutetilbodet etter vedtak i fylkesutvalet
74/13	201208229-3	Avgjørelsesmyndighet i bompengesaker
75/13	201302841-1	Orientering om oppstart av arbeid med Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017
76/13	201303686-2	Oppgradering og bruk av gamle gassbussar
77/13	201301525-5	Trafikkavvikling på Rv 555 - Sotra/Bergen vest - Spørsmål om manuell dirigering av trafikken

## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet

**Dato:** 27. mai 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201201490-2/NGRU

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 811

### **Spørsmål om reguleringsplanarbeid på strekninga Eikås-Knarvik - Svar på oversendingsforslag**

På møte i samferdselsutvalet 18.01.12 sette representanten Torill Eidsheim (H) fram eit oversendingsforslag i samband med framkomst på E 39 mellom Eikås og Knarvik. Nedanfor følgjer oversendingsforslaget slik det vart framsett i samferdselsutvalet.

”Trafikkavviklinga i Åsane Nord har vorte eit stadig aukande problem. E39 – Vågsbotn/Eikåstunnellen – skal ha byggestart i 2012 og vil løyse utfordringa med fletting av trafikken frå Arna, Nordhordland og Bergen. Men vegen vidare frå den nye Eikåstunnellen mot Nordhordlandsbrua er framleis berre to felt og utan eige kollektivfelt. Tidsbruk på kjørestrekninga Knarvik – Bergen er rekna til 30 min, kollektivrutene på denne strekninga ligg i dag inne med kalkulert kjøretid 50 min. Til tider er sjølv ikkje den kjøretida mogeleg å halde, då avviklingskapasiteten på denne strekninga brest.

Det er grunn til å tru at med den store utbygginga som skal skje i dette området i kommande år vil trafikkauken vera så stor at eksisterande vegnett Eikås – Hylkje ikkje vil kunne handtere trafikkauken. Dette er alt ein ulukkesbelasta strekning med mykje småulucker, særskilt knytta til av- og påkjøring frå tilførselsvegar utan lysregulering.

Samferdselsutvalet vil oppfordre til at det vert sett fortgang i reguleringsarbeidet for denne strekninga (Eikås – Knarvik), slik at den vert opprusta slik at den er tenleg for dagens trafikkavvikling, fram til alternativ trase - Nyborgstunnellen - står klar.”

Samferdselsavdelinga sendte oversendingsforslaget over til vidare handsaming i Statens vegvesen i brev av 03.02.12.

Det ligg no føre slikt svar frå Statens vegvesen:

«Statens vegvesen hadde opprinneleg planar om tiltak med midtdelar på strekninga frå Tuft til Knarvik for å redusere ulykkesrisikoen på denne sterkt trafikkerte vegen.

Dette prosjektet har blitt litt redusert ved at strekninga frå Tuft til Hordviktunnelen skal merkast med «sinusmerking» langs senterlinja. Vidare skal det planleggast midtdelar på strekninga frå nordsida av Hordviktunnelen og fram til brufestet på Nordhordlandsbrua og over Flatøy.

Når det gjelder strekninga frå Eikåstunnellen til Knarvik er det ikkje planar om en utviding av vegprofilen for å auke kapasiteten på denne strekninga.

Statens vegvesen viser til at i kommunedelplanen for Åsane Nord er framtidig trase for E39 lagt i tunnel frå sentralt i Åsane fram til Nordhordlandsbrua. Regulering av denne traséen er mellombels stansa p.g.a. avklåring av bybanetrasée til Åsane.

Å ruste opp dagens Steinestøveg til å ta unna aukande trafikk fram til ny trase for E39 er ferdig bygd vil vere sær omfattande og komplisert, og berre det å få fram godkjente planar vil kunne ta fleire år.»

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Statens vegvesen og har ikkje andre merknader.

## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet

**Dato:** 10. mai 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201304073-1/NGRU

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 821

### **Service- og vedlikeholdsavtaler for sanntidstavler - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet**

På møte i samferdselsutvalet 17.04.13 sette representanten Torill Eidsheim (H) fram slikt oversendingsforslag:

#### «Sanntidstavler

I disse dagar har vi fått fleire sanntidstavler på plass rundt om i fylket. Det er gledeleg å sjå, og vi har stor tru på at dette vil bli til glede for kollektivbrukarane og også bidra til betre kundeoppleving og omdøme slik at også fleire vil velga buss/bane. Desse tavlene er avhengig av stabil elektronikk og datatilførsel. Er det inngått gode nok avtalar som sikrar høg oppetid på informasjonstavlene? (Service og vedlikeholdsavtalar).»

Fylkesrådmannen viser til at ved innkjøp av utstyr, programvare og tenester knytt til sanntidsinformasjonssystem for kollektivtrafikken i Hordaland er det etablert kjøps- og vedlikeholdsavtalar med leverandøren basert på Statens standardavtaler.

Etablerte vedlikeholdsavtalar inkluderar brukarstøtte, oppdateringar og vedlikehald av programvare og utstyr. Avtalane inneheld plan for preventivt vedlikehald for å hindre at feil oppstår og reaktivt vedlikehald for å oppdage og rette feil som er oppstått.

Føremålet med avtalane er mellom anna å sikre stabil oppetid for informasjonstavlene for sanntid. IT-seksjonen i Hordaland fylkeskommune er Skyss sin driftsleverandør. IT-seksjonen har i samråd med Skyss etablert eit overvakingssenter. Overvakingssenteret syter for at ein i langt større grad vil fange opp feil før det rammer publikum. I tillegg vert det no oppretta ei supportteneste som syter for bemanning også utover normal arbeidstid. På denne måten skal Hordaland fylkeskommune syte for at vi har ein stabil driftssituasjon for alle dei kundebaserte systema våre.

## MØTEREFERAT

**Referat frå:** Samferdselsavd.                      **Møtedato:** 19.03.2013                      **Tid:** 12:00-15:00  
**Møteleiar:** Lise Ådlandsvik                      **Møtestad:** Samferdselsavd.                      **Arkivsak:** 200800095-  
51/LISADL  
**Referent:** Lise Ådlandsvik                      **Ref.dato:** 19.03.2013                      **Arkivnr.:** 8.T73

**Deltakarar:** Marianne Sæveraas (SVV), Inge Nordstrønen (Hordaland politidistrikt), Nils Egil Grude (HFK), Else-Marie B. Aarø (HFK), Geir Birkenfeldt (ATL), Lise Ådlandsvik (HFK)

**Fråvær:** Arne Aase (Trygg Trafikk), Heidi Føllevåg (HFK), Erlend Kuven (Forsvaret, MP)

**Kopi til:** Thorbjørn Aarehun, Olav Finne, Sindre Lillebø, Carl-Erik Nielsen, Ivar Thorkildsen, Thorbjørn Thiem, Svein Ringen

### Møtereferat - Fylkestrafikksikringsrådet 19.03.13

#### Saker

#### Ansvar

##### Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent.

##### Godkjenning av referat frå møte 19.02.13

Godkjent.

##### Ulukkesstatistikk for Hordaland – drepne i trafikken

	Dato	Kjønn	Alder	Trafikantgr.	Kategori	Veg	Kommune
1	09.01	Mann	17 år	Mopedfører	Møteulukke	Fv 219	Askøy
2	25.01	Kvinne	24 år	Bilfører	Møteulukke	E 39	Fitjar
3	27.01	Mann	60 år	Bilpassasjer	Møteulukke	Fv 48	Fusa
4	27.01	Kvinne	45 år	Bilfører	Møteulukke	Fv 48	Fusa
5	03.02	Mann	70 år	Bilpassasjer	Møteulykke		Øygarden
6	28.02	Mann	47 år	Bilfører	Utforkøyring	E 39	Stord
7	28.02	Jente	10 år	Bilpassasjer	Utforkøyring	E 39	Stord
8	08.03	Mann	36 år	Bilfører	Utforkøyring	R 13	Ullensvang

##### Rekneskap – Trafikantretta tiltak

Det er løyvd kr 1 mill til trafikantretta tiltak for 2012. Desse midlane vert tildelt etter søknad.

	Tiltak	Tilskot
1	Stiftelsen Norsk Luftambulans – arr. Grieghallen russen	90 000
2	Trygg Trafikk – aktivitetsmidlar	310 000
3	TSU Nordhordland – russearr.	50 000
4	Knarvikmila Ungdomsløpet	30 000
5	Ågotnes skule – sykkeldag	3 700
6	Fitjar Frivilligsentral – TS-dag	20 000
	<b>Totalt</b>	<b>503 700</b>

#### ORIENTERINGAR

- Presentasjon av filmprosjekt om MC ved Arild Grindheim kl 14:00-14:20

## **SAKER**

### FTR-sak 11/13 GJENNOMGANG ARBEIDSPLAN FOR 2013

Arbeidsplanen vart gjennomgått, med særleg fokus på avtale om kinoreklamar på Bergen kino 2. halvår 2013. Vidare vert det arbeidd med å få i stand eit nytt møte i MC-Forum.

### FTR-sak 12/13 HANDLINGSPLANEN FOR TS 2014-2017

Det er lagt ut førespurnad om konsulenthjelp på Doffin, med tilbodsfrist 8. april. I samband med utarbeidinga av den nye handlingsplanen vert det lagt opp til eit utvida FTR-møte (stormøte) i mai.

### FTR-sak 13/13 FV 57 – OPPFØLGING AV TILTAK

Rapporten om FV 57 vart lagt fram i februar 2013. FTR ønskjer å vere ei pådrivar for å få gjennomført tiltaka som vert tilrådd i rapporten. Mellom anna tilrådde rapporten at det vart etablert kontrollplassar langs vegen, og Statens vegvesen har teke på seg å kalle inn til møte der det vert etablert ei lita tverrfagleg gruppe for dette prosjektet. FTR oppmodar om at dette vert gjort så snart som mogleg. I rapporten vart det også tilrådd å gjere bedriftane meir merksam på trafikksikring, jf «trafikksikker bedrift». FTR vil invitere kommunane Austrheim og Lindås til møte om dette i april.

### FTR-sak 14/13 TS-UTVAL ALVERSUND SKULE – SØKNAD OM TILSKOT

Trafikksikringsutvalet ved Alversund skule søker om 40.000 kr til trafikksikringstiltak retta inn mot gangmønsteret til/frå skulen. Midlane skal nyttast til innkjøp av t-skjorter. FTR er positiv til at TS-utvalet set fokus på dette, men ser ikkje å kunne tildele midlar utelukkande til innkjøp av t-skjorter.

### FTR-sak 15/13 ÅGOTNES SKULE – SØKNAD OM TILSKOT

Ågotnes skule søker om tilskot på 26.000 kr til sykkeldag ved skulen. Skulen søker mellom anna om tilskot til innkjøp av 12 sykklar. FTR får mange søknader om innkjøp av sykklar til arrangement, og FTR ser det ikkje lenger som aktuelt å kunne gje tilskot til innkjøp av sykklar til slike arrangement. FTR støtter oppunder innkjøpet av refleksvestar og kjegler, og støtter med det arrangementet med 3.700 kr.

### FTR-sak 16/13 FITJAR FRIVILLIGSENTRAL – SØKNAD OM TILSKOT

Fitar Frivillingsentral søker om tilskot på 20.000 kr til gjennomføring av trafikksikringsdag for ungdomsskulen og den vidaregåande skulen i kommunen. FTR godkjenner søknaden.

### FTR-sak 17/13 YMSE



## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet

**Dato:** 10. mai 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201113426-3/NGRU

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 814

### **Spørsmål om planar for bru mellom Fosse og Tangerås på Fv 49 - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet**

På møte i samferdselsutvalet 23.11.2011 sette representanten Jostein Ljones (Sp) fram slikt oversendingsforslag:

”Sp er kjend med at brua mellom Fosse og Tangerås på Fv 49 er i dårleg forfatning. Dette er ei gamal trebru med dårleg fundamentering som treng oppgradering og vedlikehald for å kunne nyttast vidare. Kva planar ligg for vedlikehald/fornyng av denne brua ?”

På møte i samferdselsutvalet 18.01.12 sette representanten Jostein Ljones fram eit nytt oversendingsforslag om tilstanden på brua etter skader på brua i samband med flom i elva 3. desember 2011.

Det første oversendingsforslaget frå representanten Jostein Ljones vart oversendt frå samferdselsavdelinga til Statens vegvesen for vidare handsaming i brev av 18.01.12 og på nytt igjen i brev av 02.02.12.

Statens vegvesen viser i e-post av 07.05.13 til at i fylkestingsak 81/12 ; «Fylkesvegane Plan- og byggeprogram for 2013» er det lagt inn 6,7 mill. kr. til bru mellom Fosse og Tangerås (sjå Plan og byggeprogram 2013, vedlegg side 22 – Bru bru). Statens vegvesen viser til at planlegginga for tiltaket er sett i verk, og at det allereie er gjennomført grunnundersøkingar.

I samråd med Kvam herad vil det bli framlagt ei løysing der det vert bygd ei ny bru omtrent der den eksisterande ligg. Statens vegvesen føreslår at brua vert bygd som vegbru med avstand mellom rekkverk på ca. 5 meter, og at den i framtida vil inngå i gang- og sykkelvegnettet og som tilkomst til eigedomar. Rekkverket på den mellombelse brua er utbetra.



## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet

**Dato:** 10. mai 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201304071-1/NGRU

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 831

### **EU sitt direktiv for anbudsutsetting av kollektivtransport - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet**

På møte i samferdselsutvalet 17.04.13 setter representanten Tom Skauge fram slikt oversendingsforslag:

«EU sitt direktiv for kollektivtransport

EU har eit regelverk som seier at kollektivtilbod som hovedregel skal ut på anbud.

*Spørsmål:* Kva unntaksbestemmelsar er gjeve for hovedregelen om anbudsutsetjing?»

Fylkesrådmannen viser til at kollektivtransportforordninga inneheld reglar om når det er krav om konkurranseutsetting. Hovedregelen etter forordninga er at kontrakt om offentlig tenesteyting skal tildelast etter konkurranseutsetting, jf. Artikkel 5 nr. 3. Unntak frå dette gjeld:

- Dersom oppdragsgjevar sjølv eller ein intern operatør driv transporttenesta på den aktuelle strekninga (eigenregi).
- Dersom den årlege kontraktsverdien er på under 1 million euro, eller under 2 million euro for små og medium store bedrifter.
- Der operatøren utfører mindre enn 300 000 kilometer transporttenester årleg eller under 600 000 kilometer for små og medium store bedrifter.
- I naudsituasjonar.
- For jernbane i tradisjonell forstand.

## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet  
Fylkesutvalet  
**Frå:** Fylkesrådmannen

**Dato:** 10. mai 2013

**Arkivsak:** 201209174-12/NGRU

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 831

### **Nytt kollektivtilbod Hardanger og Voss - Justeringar i rutetilbodet etter vedtak i fylkesutvalet**

På møtet i fylkesutvalet 24.04.13, sak 119/13, vart det gjort slikt vedtak:

*«Fylkesutvalet sluttar seg til justert framlegg til kollektivløysingar for Hardanger og Voss slik det framgår av saksframlegget og vedlagte rutetabellar, med slike endringar:  
Rutetilbodet på ferje og buss bør justerast for å få betre korrespondanse og avgangar tidlegare om morgonen og seinare på kvelden.  
Det er ein føresetnad at justeringane vert gjort innafor dei same budsjetterammene som den føreslåtte rutestrukturen.»*

Skyss har gått gjennom ruteoppsettet og finn at ein innanfor gjeldande budsjett ved hjelp av omdisponerte KID-midlar (Kollektivtrafikk i distrikta) kan opprette følgjande tilleggsproduksjon:

- 1) Ny bussrute 06:40 Norheimsund-Granvin med korrespondanse med linje 990, ankomst Voss 08:30 (mandag-fredag).
- 2) Avgang frå Bergen kl 21:05 med linje 930 mot Odda. Ny bestillingsrute (maxitaxi) kl 23:45 frå kryss Tokheimsvegen v/Jondalstunnellen – Utne. Bestilling føregår i rutebuss ved avgang Jondal kai kl 23:05. (Dagleg unnateke laurdag).

Skyss finn ikkje å kunne auke opp att med siste rundtur for ferjestrekningen Kinsarvik – Utne – Kinsarvik tysdag og torsdag. Dette vil ha ein kostnad på kr 520.000,- pr år.

Skyss opprettheld framlagd rutetabell for ferjestrekningen Kvanndal – Utne (ferje 1). Dersom dagens ruter skal oppretthaldast har dette ein kostnad på kr 480.000,- pr år. Dette vil då gå utover rammene til Skyss.



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 201208229 Dok.nr. 3

24 MAI 2013

Arkivnr. 810 Saksh.

Eksp.

U.off.

Deres ref  
201208229-2

Vår ref  
13/275

Dato  
15.05.2013


### Avgjørelsesmyndighet i bompengesaker

Det vises til brev datert 22. mars 2013 fra Fylkesordføreren i Hordaland fylkeskommune. I brevet framkommer det at fylkeskommunen ønsker å overta ansvaret for å godkjenne bompengesaker der staten ikke bidrar med direkte finansiering.

Etter vegloven § 27 kan Samferdselsdepartementet med Stortingets samtykke fastsette at det kan kreves inn bompenger på offentlig veg, inkludert størrelsen på avgiftene og bruk av midlene. Alle bompengeprojekt, både på riksveg, fylkesveg og kommunal veg, må i dag godkjennes av Stortinget. Regjeringen vil ikke nå legge frem forslag for Stortinget om å endre denne ordningen.

Det er en viktig oppgave å se det enkelte bompengeprojekt i sammenheng med andre prosjekt i samme område slik at den strekningsvise belastningen ikke blir for stor. Det er også viktig å sørge for at trafikantene opplever bompengeprojektene som en del av et helhetlig og enkelt system også når det gjelder takster, rabatter og innkrevningssystemer. Et slikt hensyn til trafikantene gjelder hele landet på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Med hilsen

  
Marit Arnstad

## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet

**Dato:** 29. mai 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201302841-1/LISADL

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 8.T73

### **Orientering om oppstart av arbeid med Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017**

Arbeidet med utarbeiding av ny *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland* er no sett i gang. Den nye handlingsplanen omfattar perioden 2014-2017, og følgjer på den måten arbeidet med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg* som er under utarbeiding for same periode.

Det vert lagt opp til at handlingsplanen for trafikksikring i Hordaland skal leggjast fram for fylkestinget i mars 2014, noko som inneber at høyringsrunden vert gjennomført hausten 2013. Fylkestrafikksikringsrådet i Hordaland (FTR) vil ha hand om utarbeidinga av planen, saman med innleigd konsulent, jf budsjettsaka 2013 for FTR (sak 17/13). Dialog og innspel frå samferdselutvalet (SAMU), som Hordaland sitt fylkestrafikksikringsutval, er ein viktig del av denne prosessen. Vidare foreslår FTR at handlingsplanen vert hovudtema på trafikksikringskonferansen for kommunane i haust.

#### Visjon, målsetjing og satsingsområde

Nullvisjonen ligg sjølvstøtt som grunnlag for utarbeiding av handlingsplanen, og i denne samanhengen kan det difor også vere grunn til å nemne at i forslaget frå etatane til NTP 2014-2023 vart det sett opp eit nytt etappemål for trafikksikring:

*I 2024 skal det maksimalt være 100 drepte i vegtrafikken. Samlet antall drepte og hardt skadde i 2024 skal ikke være over 500. Det er også foreslått at målet om maksimalt antall drepte og hardt skadde i 2020 skal reduseres fra 775 til 600.*

Dette er ei ambisiøs målsetjing, og som eit stort fylke med høge ulykkestal, så vil det vere ei aktuell problemstilling å sjå kva denne målsetjinga vil innebere for Hordaland, og ikkje minst kva for tiltak som må setjast i verk/vidareutviklast for å kunne nå denne målsetjinga.

Med bakgrunn i ulykkesstatistikken for Hordaland skal det setjast opp eigne satsingsområde for fylket. Eit viktig element i den samanhengen er å finne gode trafikksikringstiltak. Både fysiske og trafikantretta tiltak. I særleg grad er det viktig å komme opp med gode tiltak innanfor det trafikantretta arbeidet.

Nullvisjonen er grunnpilaren i vårt trafikksikringsarbeid, men det er klart at andre målsetjingar også verker inn på korleis trafikksikringsarbeidet skal gjennomførast. I denne samanhengen kan ein særleg peike på målsetjinga om å auke andelen gåande, syklende og kollektivreisande. Det er viktig å legge godt til rette for denne type trafikantar både gjennom fysisk tilrettelegging og gjennom haldningsskapande arbeid, ettersom ei slik auke av mjuke trafikantar vil kunne føre med seg at talet på

hardt skadde og drepne i trafikken går opp. Dette har sammenheng med at dei mjuke trafikantane er dei meste utsette i trafikken.

#### Aktive kommunar og lokale krefter – stort potensiale

Gjennom forvaltningsreforma vart fylkeskommunen i mykje større grad enn tidlegare ein aktiv vegeigar. Dette inneber ein auka dialog med kommunane, og eit større arbeid retta inn mot desse. I trafikksikringsarbeidet har dette mellom anna gjort seg gjeldande ved samferdselsutvalet sin årlege trafikksikringskonferanse for kommunane. I neste planperiode bør fylkeskommunen ha fokus på å styrka samarbeidet mellom kommunane og fylket. Dette inneber at i handlingsplanen kan det leggjast opp til å ha eit fokus på fylkeskommunen si rolle som regional aktør, og arbeidet opp mot statlege organ, og ikkje minst arbeidet retta inn mot kommunane. Kommunane sin kjennskap til eigen infrastruktur, organisasjonsarbeid og lokale krefter er det viktig å støtte opp om. FTR er av den oppfatning at det vert gjort mykje godt arbeid i dei einskilde kommunane, - noko som andre kommunar i fylket også kan dra nytte av/lære av. Under dette kjem også Trygg Trafikk sitt nye prosjekt «Trafikksikker kommune», som er eit område som bør drøftast i planen. Dette prosjektet vil i seg sjølv krevje auka økonomiske ressursar.

#### Strekningsvis trafikksikringsarbeid med utgangspunkt i Regional transportplan

I Regional transportplan (RTP) er det vedteke å klassifisera fylkesvegnettet i to nivå; overordna vegar og øvrige fylkesvegar. Dette omfattar også til ei viss grad korleis trafikksikringsarbeidet på vegnettet skal prioriterast gjennom meir strekningsvise utgreiingar opp mot i større grad utbetring av trafikkfarlege punkt. Desse elementa ser FTR at det kan vere nyttig å sjå nærare på i den kommande handlingsplanen for trafikksikring.

#### Folkehelse

Folkehelsearbeidet er eit relativt nytt fagområde for fylkeskommunen, og *Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland 2014-2026* er no under utarbeiding. Det er lagt opp til at planen skal leggjast fram for fylkestinget i desember 2013. Folkehelsearbeid og trafikksikring heng saman, i begge dei to planane vil det leggjast opp til å sjå dei ulike målsettingane og tiltaka i sammenheng, og med det også leggje til rette for at det kan etablerast felles prosjekt i fylkeskommunal regi.

#### Spørsmål om etablering av fylkestrafikksikringsutval (FTU)

**Atle Kvåle** (A) har ved fleire høve, og seinast i møte 14. mai 2013, teke opp spørsmålet om etablering av eit fylkestrafikksikringsutval i Hordaland (FTU). I samband med handsaminga av handlingsplanen legg fylkesrådmannen opp til at dette spørsmålet vert drøfta.

## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet

**Dato:** 08. mai 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201303686-2/OHDO

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 800

## Oppgradering og bruk av gamle gassbussar

### Bakgrunn

Tom Skauge (SV) sette i møte til samferdselsutvalet 17.04.2013 fram fylgjande spørsmål:

*«Reservebussar for dagar med farlig luftforureining.*

*Det har i vinter gått ein offentleg debatt om datokjøring er eit egna verkemiddel på dagar med høg luftforureining. Det har vore hevda at bussreserven som skal setjast inn forureinar så mykje med dieselsluttlegg at datokjøring ikkje gjev miljøgevinst. Laurdag 16. februar meldte BA at det stod 31 gassbussar parkert i Åsane utan skilt. Gassmotorar gjev lite eller ingen utslepp av NOX.*

*Vil HFK straks ta initiativ til og klargjera bussane som reservekapasitet?*

*Kor lenge har administrativ og politisk leiing kjent til denne reservekapasiteten.»*

I juli 2000 og november 2004 inngjekk Hordaland Fylkeskommune, Gaia AS og HSD Buss AS ulike avtalar/tilleggsavtalar for å leggja til rette for investering i, og drift av naturgassbussar. I samband med anbudsutsetjing av ruteproduksjonen i Bergen sentrum, vart dei 20 siste gassbussane i desse avtalane parkert då bussane ikkje oppfylte krava til bussmateriell i Skyss sine buss-spesifikasjonar, samt at det ville bli vanskeleg å få til ein rettferdig anbuds konkurranse der det var ein føresetnad at anbodsvinnaren skulle ta over og drifta eldre gassbussar frå ein konkurrent. Den 24.11.2011. vart det inngått avtale mellom Tide Buss AS og Hordaland Fylkeskommune om sal og oppgjør for gassbussar anskaffa i tråd med Gassbussavtalane.

### Kostnader ved å setja bussane i køyrbar stand til dagens vognkrav.

Det krev vesentlege kostnader å setje desse gassbussane i slik stand at dei kan setjast inn i ruteproduksjon i samband med ekstraordinær luftforureining i Bergen. Tide Buss har etter gjennomgang av dei aktuelle bussane kome til at fylgjande tiltak må setjast i verk.

1. Kostnader ved klargjering slik at bussane kan bli registert hjå Biltilsynet.

Kostnaden ved å klargjera bussane slik at dei tilfredsstiller krava til å bli registert på nytt hjå Biltilsynet er kr 175 000,- pr. buss, samla kostnad blir **3,5 mill kr.**

2. Kostnader ved å tilpasse bussane til gjeldane vognkrav.

Kostnaden for at bussane skal tilfredsstilla Skyss sine vognkrav pluss krava om universell utforming er sett til kr 200 000,- pr. buss, samla kostnad blir **4,0 mill kr.**

### 3. Kostnader ved ettermontering av Aircondition.

Ingen av bussane er utstyrt med AC, og kostnaden ved å ettermontera dette er sett til kr 200 000,- pr. buss, samla kostnad blir **4,0 mill kr.**

Samla kostnad ved oppgradering av bussane slik at dei både tilfredsstillar gjeldane vognkrav og Biltilsynet sine krav knytt til registrering er kroner 575 000,- pr. buss, totalt **11,5 mill kr.**

#### **Driftskostnader ved bruk**

Tide Buss legg til grunn den same rutetime prisen som for ordinære bussar, men har sett fram eit krav om tillegg på kr 120,- pr. rutetime på grunn av høgare rep.- og vedlikehaldskostnader.

I tillegg er det varsla meirkostnader knytt til tanking av bussane då det er ikkje nok gasstankeplassar for nattfylling, og desse bussene må difor tankast manuelt.

#### **Avtale om sal av gassbussane**

Den 24. november 2011 vart det inngått avtale mellom Skyss og Tide Buss om sal av dei resterande gassbussane som ikkje var nedskrivne gjennom tilskotet til Tide. Det galdt 20 bussar som vart kjøpt inn i 2006. Den bokførte verdien på desse bussane var på dette tidspunktet på 13,7 mill kr. Avtalen inneber at Tide skal stå for sal av bussane. Tide har deretter inngått avtale med meklarforetak som skal stå for det praktiske arbeidet. Avtalen inneber at Tide skal ha kompensert for den bokførte verdien av bussane, i tillegg rente av restverdien frå det tidspunkt bussane vart teke ut av rutetraffikk til salsprovenyet er motteke. Så langt har det ikkje lukkast å få seldt bussane. Per dags dato er «verdien» av bussane om lag 14,5 mill kr. For å vera føre var vart det i rekneskapet for 2012 sett av 12,0 mill kr til avskrivning av gassbussane. Dersom bussane ikkje vert selde vil det stå att å betala om lag 2,5 mill kr for å oppfylle avtalen med Tide. Dersom bussane vert selde i løpet av året vil salssummen gå frå på denne summen.



## NOTAT

**Til:** Samferdselsutvalet  
Fylkesutvalet  
**Frå:** Fylkesrådmannen

**Dato:** 24. mai 2013

**Arkivsak:** 201301525-5/NGRU

**Kopi til:**

**Arkivnr.:** 811

### **Trafikkavvikling på Rv 555 - Sotra/Bergen vest - Spørsmål om manuell dirigering av trafikken**

I samband med handsaming av melding 71/13 i fylkesutvalet 24.4.13 bad representanten Ruth Grung (Ap) om at fylkeskommunen ber Politiet om å ha manuell dirigering til lysregulering er etablert.

Spørsmålet til Ruth Grung er tatt opp med Statens vegvesen som har følgjande kommentarar til strekningane ved Liavatnet, Drotningstveit og Valenkrysset:

- Liavatnet - Her er trafikken lagt om og hastigheten er redusert, og det vert vurdert at det ikkje er aktuelt med manuell dirigering.
- Drotningstveit Her er mykje anleggsarbeid i samband med nytt kollektivfelt. Kø, men ikkje aktuelt med manuell dirigering.
- Valenkrysset Manuell dirigering frå politiet har tidlegare vore vellukka. Dirigering har hindra «snik-køyring» frå fylkesvegen og inn på riksvegen i rushtida.
  - Ny skiltplan er godkjent og i løpet av denne månaden vil det bli sett opp skilt med forbod mot venstresving frå fylkesveg og inn på riksveg, og forbod mot venstresving frå riksveg og inn på fylkesveg. Forbodet vil gjelda i rushtida (06.00-09:00 og 14.00-18:00).
  - Lysregulering for krysset er prosjektert og vil etablerast så snart som mogleg.
  - Trafikkavviklinga er i dag oversiktleg, men med kødanningar i rushtida. Skilting og på sikt lysregulering vil truleg avbøta dette.
  - Det er inntil vidare ikkje planar om manuell dirigering, men eit slikt tiltak kan eventuelt iverksetjast på kort varsel.

Fylkesrådmannen viser til kommentarane frå Statens vegvesen og har ikkje andre merknader.



## SAKLISTE - Samferdselsutvalet

<b>Saknr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Saktittel</b>
51/13	201111070-37	Godkjenning av møtebok samferdselsutvalet 14.05.2013 og 22.05.2013
52/13	201302876-2	Namnesak - skrivemåten av namn på tunnel og bru i Ulvik herad
53/13	200800701-29	Etablering av bompengeselskap for Askøypakken - Askøy Bompengeselskap AS
54/13	201202641-3	Rammeplan for avkjørsler og byggegrense 2013-2016 i Hordaland - Godkjenning av Hordaland fylkeskommune
55/13	200802624-15	Transportordninga for funksjonshemma - påfylling av kvotebeløp



Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Samferdselsutvalet	05.06.13	51/13	

## **Godkjenning av møtebok samferdselsutvalet 14.05.2013 og 22.05.2013**

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

**Organisasjonsavdelinga**

Administrasjonsseksjonen

Arkivsak 201111070-37  
Arkivnr. 015  
Saksh. Bertelsen, Mildrid

**Saksgang**

Samferdselsutvalet

**Møtedato**

05.06.2013

**GODKJENNING AV MØTEBOK SAMFERDSELSUTVALET 14.05.2013 OG  
22.05.2013**

---

**SAMANDRAG**

Møteboka frå samferdselsutvalet 14.05.2013 og 22.05.2013 vert med dette lagt fram for godkjenning.

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Møteboka frå samferdselsutvalet 14.05.2013 og 22.05.2013 vert godkjend.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun  
kst. samferdselssjef

Vedlegg: Møteboka frå 14.05.2013 og 22.05.2013

## MØTEBOK

### Samferdselsutvalet

**Dato:** 14. mai 2013                      **Kl.:** 15.00-16.15                      **Stad:** Kvam rådhus  
15. mai                                      **Kl.:** 09.15-11.15                      Fylkeshuset Bergen

**Saknr.:** 41/13 - 49/13

### MØTELEIAR

Bahus, Gustav (FRP)

### DESSE MØTTE

Kvåle, Atle (A)  
Innvær, Anne-Line (A)  
Hansen, Jette Lunemann (A)  
Nævdal, Helge (A)  
Ulvund, Inger Signe (FRP)  
Eidsheim, Torill (H)  
Lutro, Einar (H)  
Berland, Eli Årdal (H)  
Ryssdal, Stein Inge (H)  
Johansen, Iiril Schau (H)  
Kårbø, Pål (KRF)  
Ljones, Jostein (SP) kun 14. mai  
Skauge, Tom (SV)  
Greaker, Alf Helge (V) kun 15. mai  
Torsvik, John Torgeir (H) kun 15. mai

### FORFALL

Greaker, Alf Helge (V) 14. mai  
Johansen, Iiril Schau (H) – permisjon 15.5.13 fra kl. 09.00 – 11.00 – John Torgeir Torsvik møter  
Ljones, Jostein (SP) 15. mai

### DESSUTAN MØTTE

Frå Hordaland fylkeskommune	Frå Statens vegvesen
Thorbjørn Aarethun	Olav Finne
Rolf Rosenlund	Kaisa Tonheim Banne
Oddmund Sylta	
Torill Klinker	

### MERKNADER TIL INNKALLINGA

Det var ikkje merknader til innkallinga.

## **GODKJENNING AV SAKLISTA**

Saklista vart godkjent utan merknader.

## **MØTE MED KVAM HERAD 14. MAI**

Den 14. mai var sett av til møte med Kvam herad. Det var orientering på rådhuset om Kvammapakken og andre planlagte tiltak på vegsida v/ordførar Asbjørn Tolo og representantar frå administrasjonen og Kvam bompengeselskap. Det var deretter synfaring i utbyggjingsområda.

## **MØTE I BERGEN 15. MAI**

### **ORIENTERINGAR**

#### Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om fylgjande tema.

- Status for sanntidssystemet.
- Reisetala per april
- Innføring av kjøp hjå kommisjonærar.
- Status kundetilfredsheit.
- Status kollektivstrategiarbeidet.
- Ombordtillegget

### **YMSE**

**Tom Skauge** sette fram fylgjande oversendingar.

#### **Sotrasambandet**

Regjeringa har foreslått Sotra-sambandet i NTP med snarast mogleg byggjestart.

- a. Når vil kommunane Fjell og Bergen vera ferdig med reguleringsplanane?
- b. Når vil bompengesøknaden vera klar?
- c. Når vil saka bli presentert for SAMU?
- d. Vil HFK ta initiativ til å gjenoppta politidirigering for å sikra betre trafikkavvikling?

#### **E16**

Næringsalliansen har på vegne av 14 private næringsforeningar med totalt 3000 medlemsbedrifter og 125 000 tilsette kommentert den uakseptable trafikk- og tryggleikssituasjonen som rammar E16 på strekninga mellom Voss og Bergen. Alliansen fremjar krav om:

- Ekstraordinære midlar til rassikring av E16 på kort sikt (2013-2014)
  - Vesentleg opprustning og oppgradering av E16 Bergen-Voss, herunder også 4-felts veg på strekninga Arna – Trengereid i første omgang.
  - Raskare ferdigstilling av plan og KVU Arna – Voss (E16 og jernbane) og tidlegere oppstart av prosjektet.
  - Sjå nærare på omkøyning over Osterøy med ny veg mellom Kallestadsundbrua og Tysse som alternativ og supplement til omkøyning via Hardanger eller Mo.
- a. Vil administrasjonen fremja sak om desse forslaga?

- b. Vil administrasjonen vurderer omkøyning over Osterøy som tilleggsløysing til omkøyning via Kvam som har vore svært belasta i vår?

### **Rabattsystem for ferje**

Eit ferjekort kostar vel 3000 kr med forskottsbetaling og gjev 50% rabatt.

1. Kva rabatter får reisande med andre billetter enn ferjekort til vel 3000 kr?
2. Er det rett at rabatten nå er ordna slik at jo meir pengar du har til å forskottsbetala – jo større er rabatten?

**Pål Kårbø** orienterte om at det står at noko midlar etter at Trekantsambandet vart avslutta. Det må avklarast kor desse midlane skal nyttast.

**Gustav Bahus** tok opp fylgjande saker.

- Møte med leiinga i vegdirektoratet og Statens vegvesen Region vest om E16 den 6. mai i Bodø. Statens vegvesen kjem tilbake med eigen plan med strakstiltak om rassikring på vegstrekninga.
- Det er til tider særst lange køar i tryggleikskontrollen på Flesland. Ein ber om at Avinor vert invitert til å møta i samferdselsutvalet den 5. juni og orientera om situasjonen.
- Innspel frå fleire kommunar om den dårlege standarden på ein del fylkesvegar etter den lange og kalde vinteren.
- Det vart referert frå høyringsmøte i Stortinget om NTP den 7. mai. Lysarka som fylkeskommunen nytta på møte vert sendt til utvalet.

**Anne Line Innvær** tok opp fylgjande saker.

- På Leirvik er det ofte fleire snøggbåtar inn samstundes. Er det mogeleg å merka kor båtane skal slik at dei reisande kjem på rett båt?
- Er det mogeleg å setja opp skilt om bompengar på dei ferjekaiane der dette er aktuelt?

## **MELDINGAR**

Kommentarar til meldingane frå april-møte i samferdselsutvalet.

32/13      201103265-12   Kartlegging av forfall på fylkesvegnettet - Oversendelse av rapport

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP fram fylgjande oversendingsforslag

### **«Nettportal for registrering av risiko for trafikkulykker**

Bergens Tidende laga for nokre år tilbake ein interaktiv nettportal kor folk kunne melda inn farlege trafikkpunkt. Portalen var svært vellukka. Den fekk inn meir enn 1000 tips. Vel 100 av desse ynskte Statens Vegvesen å undersøka nærare. Det kom fram varsel om moglege trafikkfeller som etaten ikkje kjente til. Nettportalen blei prisbelønna av SKUP i 2010.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta initiativ til ein permanent portal for varsling av farlege punkt i trafikken i Hordaland.»

35/13      200800095-49   Møtereferat - Fylkestrafikksikringsrådet 22.01.13

**Atle Kvåle** synte til at han tidlegare hadde teke opp spørsmål om å skipa eit trafikksikringsutval og etterlyste kor den saka står.

Thorbjørn Aarethun opplyste at dette spørsmålet vert drøfta i samband med den føreståande trafikksikringsplanen.

44/13      201303115-1    Kollektivfelt på eksisterande firefelts vestre innfartsåre - Båttransport som alternativ transport mellom Sund-Sora og Bergen - Svar på oversendingsspørsmål

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP fram fylgjande oversendingforslag

«Samferdselsutvalet viser til melding 46/13 Kollektivstrategi - orientering første kvartal 2013. Under punktet framkomst for bussane heiter det: «Tiltak for å betre framkomsten for bussane i byområdet er av dei mest lønsame kollektivtiltaka. Betre framkomst vil auke kvaliteten på tilbodet til dei reisande, gjer drifta av kollektivtrafikken enklare og rimelegare og har betydelege samfunnsøkonomiske gevinstar.»

Dette er eit godt grunnlag for ikkje å vente lenger på ein plan for kollektivfelt på alle innfartsvegane til Bergen som har fire felt. Samferdselsutvalet ber om sak om samanhengande kollektivfelt.»

45/13      201303127-1    Klimautgreiing for dei ulike E 39 alternativa - Svar på oversendingforslag

**Tom Skauge** sette fram fylgjande oversendingforslag.

«SAMU ber administrasjonen oversenda ein anmodning til Statens vegvesen om å gjennomføra klimautgreiing i tråd med intensjonen i SAMU og Fylkesutvalet sine vedtak i ekstramøte om E39 den 21 mars 2013 der det heiter:

3.Fylkesutvalet føreset at eit klima- og karbon-rekneskap vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.»

48/13      201302872-1    Utgreiing om motorteknologi - Svar på oversendingforslag i samferdselsutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP fram fylgjande oversendingforslag

#### **«Ber om sak om motorteknologi for buss**

Samferdselsutvalget ynskjer å vera best mogeleg førebudd til neste hovedutlysning av anbod for busstransport i Hordaland.

For å sikra dette ber utvalet administrasjonen leggja fram sak med det siktemål å tinga ein fagleg rapport om mogelege handlingsrom for ny miljøvenleg motorteknologi.

Utvalget ber særleg administrasjonen leggja vekt på at rapporten skal svara på to spørsmål:

- 1) Kva effekt- og utsleppskrav kan det vera rimeleg å leggja til grunn for neste utlysning?
- 2) Kva motorteknologiar kan vera aktuelle for komande utlysning for å bidra til miljøvenleg innovasjon innan kollektivtransporten.»

49/13      201110438-19    Osterøy Ferjeselskap AS legger "Heilt Elektrisk" på is



**Tom Skauge** sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram fylgjande fråsegn.

«Partia som har støtta arbeidet for elektrisk ferje til Osterøy seier seg sterkt lei for at prosjektet er lagt på is på grunn av manglande støtte fra FrP, Høgre og Venstre i Hordaland Fylkesting.»

**Periode: 17. april 2013 - 14. mai 2013**

**Nr. Arkivsak Referatsakstittel**

55/13 200910797-51 Oversendingsforslag - Anbudsgrunnlag for kommande ferjeanbod

**Tom Skauge** sette fram fylgjande oversendingsforslag.

SAMU ber om at administrasjonen også drøftar «miljøkrav til fartøy» i den komande saka.

56/13 201005369-93 Odda kommune - Uttale til nasjonal transportplan 2014 - 2023

57/13 201303483-1 E 16 mellom Voss og Sogn grense

58/13 201112483-8 Melding til samferdselsutvalet - Svar på oversendingsforslag - A jour 03.05.2013

**Einar Lutro** etterlyste svar på spørsmål som er stilt om kven som har ansvar for trafikkregulering utanfor ferjeoppstillingsplassen.

**Jostein Ljones** etterlyste svar på spørsmål som han har stilt om kva som vert gjort med brua mellom Fosse og Tangerås.

Thorbjørn Aarethun refererte til svar på spørsmålet som nyleg var motteke frå Statens vegvesen. Svaret vert lagt fram som melding i neste møte.

59/13 200606249-37 Ferjesambandet Stord - Kvinnherad - Ferjeleie på Stord - Svar på oversendingsforslag

60/13 201011362-39 Omdisponering av FTR-midler - Informasjon og kampanjar

61/13 201208897-4 Spørsmål om bruken av avsette midlar til Fv 158 Lepsøy - Storum - Svar på oversendingsforslag

62/13 201204956-3 Taxiutredning - Høring om taximarkedet på konkurranseutsatte stader i Norge 2013

63/13 201304055-1 Iverksetjing av ombordtillegg på buss i Bergen

**Tom Skauge** sette fram fylgjande oversendingsforslag.

«SAMU ber om at tiltaket med ombordtillegg vert utsett til neste år til dei nye ordningane for kjøp av billett er blitt betre kjent og HFK har vurdert erfaringane med ny teknologi.»

Utvalet røysta over oversendingsforslaget.

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

64/13 200907758-57 Nye driftskontraktar på fylkevegane - meir erfaringsdata frå eksisterande kontraktar, kostnad vs. trafikktryggleik - svar på oversendingsspørsmål

65/13 201304056-1 Bussparkering Christies gate - svar på oversendingsforslag - samferdselsutvalet

66/13 201302124-3 Fv151 - søknad om planmidlar og status som overordna vegnett.

67/13 200810934-56 Fylkeskommunen si deltaking i Sunnhordland lufthavn AS

## SAKNR.

### 41/13 GODKJENNING AV MØTEBOK SAMFERDSELSUTVALET 17.04.2013

#### VEDTAK

Møteboka frå samferdselsutvalet 17.04.2013 vert godkjend.

### 42/13 REGIONAL NÆRINGSPLAN FOR HORDALAND 2013-2017 - SAKSFRAMLEGG

**Torill Eidsheim** sette fram forslag til ny innstilling.

«Samferdselsutvalget tek framlegget til Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 til orientering og ser fram til nærare orientering om planen og tilknytning til andre eksisterande planar før endeleg vedtak i fylkestinget.»

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.  
Torill Eidsheim sitt forslag til ny innstilling vart samrøystes vedteke.

#### INNSTILLING

Samferdselsutvalget tek framlegget til Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 til orientering og ser fram til nærare orientering om planen og tilknytning til andre eksisterande planar før endeleg vedtak i fylkestinget.

### 43/13 SØKNAD OM Å ARRANGERE SYKKEL - VM I 2017 I BERGEN OG BERGENSREGIONEN

**Pål Kårbø og Eli Berland** sette på vegne av utvalet fram forslag om å stryka siste setning i pkt 4 i innstillinga og endra det til fylgjande.

«Fylkestinget legg til grunn at den tilrådde usikkerheitsavsetninga på 15,6 mill kr ikkje vert finansiert no, men det vert føreset at den vert dekkja i tråd med saksutgreinga, dersom den inntreff. Hordaland fylkeskommune sin del utgjer 5,2 mill kr.»

#### Protokollmerknad frå Tom Skauge og Alf Helge Greaker

I tråd med saksframstillinga ynskjer utvaket å prioritera bruk av pengar til tilretteleggjing for kollektivtransport og støtte til folkehelseiltak.

#### Protokollmerknad frå Tom Skauge

15 eller 20 mill kr er ein høg sum for ein fylkeskommune som har ein omfattande spareplan for å redusera utgiftene med 100 mill kr per pr.

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-3 og pkt 5 vart samrøystes vedteke.  
Kårbø/Berland sitt forslag til nytt pkt 4 vart samrøystes vedteke.

#### INNSTILLING:

1. Hordaland fylkesting er positiv til at Bergen vert vertskapsby i ein norsk søknad om Sykkel-VM 2017, og ser på dette som eit svært attraktivt meisterskap å få til bergensregionen.

2. Fylkestinget føreset at meisterskapet vert finansiert gjennom eit spleiselag mellom idrett, næringsliv og offentlege styresmakter.
3. Fylkestinget legg til grunn at statleg medverknad til arrangementet står i høve til nivået på regionale styresmakter sine tilskot og at Bergen kommune og dei andre kommunane medverkar i samsvar med det som går fram av saksutgreiinga.
4. Fylkestinget er positiv til å støtta arrangementet med kr 15 mill. i samsvar med saksutgreiinga. Summen vert sett av på disposisjonsfond i samband med avsluttinga av rekneskapen for 2012. Fylkestinget legg til grunn at den tilrådde usikkerheitsavsetninga på 15,6 mill kr ikkje vert finansiert no, men det vert føreset at den vert dekkja i tråd med saksutgreiinga, dersom den inntreffer. Hordaland fylkeskommune sin del utgjør 5,2 mill kr.
5. Fylkestinget sluttar seg til at det vert arbeidd med å oppretta eit arrangementselskap for Sykkel-VM 2017. Fylkesutvalet får fullmakt til å ta avgjerd om fylkeskommunen skal ta del i eit slikt selskap.

#### **44/13 UNGDOMSBILLETT - SAMARBEID MELLOM HORDALAND OG ROGALAND**

##### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

##### **INNSTILLING**

Fylkesutvalet godkjenner ei ordning med gjensidig bruk av ungdomsbilletter i kommunane Sveio, Stord, Fitjar, Bømlo, Etne, Haugesund, Karmøy, Bokn, Tysvær og Vindafjord. Den einskilde fylkeskommune dekkar sine kostnader med ordninga.

#### **45/13 FORSKOTTERINGSSAKER I ASKØY KOMMUNE - FV 562 FROMREIDE - KJERRGARDEN OG FV 223 MJØKEVIKSVARDEN - HERDLA BRU**

##### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

##### **INNSTILLING:**

1. Fylkestinget godkjenner at Askøy kommune får forskottera inntil 65 millionar kroner til utbetring av veg, og bygging av gang- og sykkelveg langs Fv 562 frå Fromreide til Kjerrgarden. Refusjon av midlane kjem til fråtrekk i Hordaland fylkeskommune sitt samla bidrag til Askøypakken på totalt 200 mill kr.
2. Fylkestinget godkjenner at Askøy kommune får forskottera inntil 2,9 millionar kroner til bygging av gang- og sykkelveg langs Fv 223 frå Mjølkeviksvarden til Skansen (Herdla bru). Refusjon vert fastsett i samband med handsaminga av Regional transportplan 2018-2027.
3. Forskotteringane skjer på vanlege vilkår, utan kompensasjon for renter og prisauke.

#### **46/13 TAKSTSØKNAD FOR HARDANGERBRUA - UTTALE**

**Einar Lutro** stilte spørsmål om sin gildskap som styreleiar i Hardangerbrua AS

**Atle Kvåle** stilte spørsmål om sin gildskap som varamedlem til styret i Hardangerbrua AS der han har vore med på handsaminga av denne saka.

### **Røysting**

Utvalet fann Lutro og Kvåle ugilde.

**Tom Skauge** sette fram forslag om å utsetja saka.

### **Røysting**

Forslaget til utsetjing fekk 1 røyst (SV) og fall.

**Torill Eidsheim** sette fram forslag til nytt pkt 2 i innstillinga.

«Fylkesutvalet ser at det er ei stor utfordring å finne gode kundevenlege løysingar ved oppstart av nye bomanlegg når det er lagt opp til ulik handtering av utstederrolla i regionen. Fylkesutvalet vil oppmoda SVV om å sjå nærare på korleis ein kan oppnå gode, kundevenlege løysingar for områder der bompengebelastninga for innbyggjarane er høg og ber om at det for Hardangerbrua i sær, blir sett nærare på moglegheita for at kundane skal kunne å teikne avtale og nytte autopass utan å måtte betale inn høge forskot i fleire selskap.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Forslaget frå Torill Eidsheim til nytt pkt 2 vart samrøystes vedteke.

## **INNSTILLING**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden for Hardangerbrua.
2. Fylkesutvalet ser at det er ei stor utfordring å finne gode kundevenlege løysingar ved oppstart av nye bomanlegg når det er lagt opp til ulik handtering av utstederrolla i regionen. Fylkesutvalet vil oppmoda SVV om å sjå nærare på korleis ein kan oppnå gode, kundevenlege løysingar for områder der bompengebelastninga for innbyggjarane er høg og ber om at det for Hardangerbrua i sær, blir sett nærare på moglegheita for at kundane skal kunne å teikne avtale og nytte autopass utan å måtte betale inn høge forskot i fleire selskap.

## **47/13 ANALYSE OG UTVIKLING AV KOLLEKTIVTILBODET I KOMMUNANE VEST FOR BERGEN**

**Alf Helge Greaker** sette fram forslag om nytt pkt 4 i innstillinga.

"Sambandet må utviklast vidare i henhold til tidlegare vedtak i saka "Prosjekt for utslippsfri ferje- og snøggbåtteknologi".

**Tom Skauge** sette fram forslag om 2 tilleggspkt til innstillinga.

1. «Samferdselsutvalet ber administrasjonen leggja fram sak om kollektivfelt på innfartsåra til bergen frå vest.»
2. «Samferdselsutvalet ber administrasjonen gje ei oversikt over om det er mogeleg å få oppvarma venteskur der ivergong til stamrutene skal føregå.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-3 og pkt 5 vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til tilleggspkt 1 fekk 1 røyst og fall.

Tom Skauge sitt forslag til tilleggspkt 2 fekk 5 røyster (SV, A) og fall.

## INNSTILLING

1. Fylkesutvalet sluttar seg til prinsippa for utvikling av kollektivtilbodet og nytt hovudlinjenett for buss som er omtalt i rapporten «Analyse og utvikling av tilbodet i vestkorridoren (fase 1)» og meiner dette gir eit godt grunnlag for å utvikle eit framtidretta tilbod for kollektivtrafikken i kommunane vest for Bergen på kort sikt.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at det samla tilskotsnivået når det gjeld ruteproduksjon med buss i området skal vere på omlag same nivå som i dag.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen arbeide vidare med omfordeling av ressursar frå trafikksvake linjer til linjer som har eit større marknadsgrunnlag som til dømes å innføre ekspressavgangar frå Ågotnes til Bergen sentrum.
4. I arbeidet med konkurransegrunnlaget for båtsambandet mellom Bergen sentrum og Kleppestø legg fylkesutvalet til grunn at Strandkaien skal vere start- og endepunkt i Bergen sentrum. Sambandet utviklast vidare i henhold til tidlegare vedtak i saka "Prosjekt for utslippsfri ferje- og snøggbåtteknologi.
5. Fylkesutvalet vil peika på at betra framkomst for bussen er ein vesentleg føresetnad for å få fleire til å reise kollektivt og føreset at tiltak for å betre framkomsten til kollektivtrafikk blir prioritert i handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan 2014-23 og synleggjort i arbeidet med kollektivstrategi for Hordaland.

### **48/13 DEN NASJONALE VEIKONFERANSEN 2014 - HORDALAND FYLKESKOMMUNE SOM HOVUDSAMARBEIDSPARTNAR**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## INNSTILLING

1. Hordaland fylkeskommune ser positivt på å vere med som hovudsamarbeidspartnar på *Den nasjonale veikonferansen 2014*.
2. Fylkesutvalet gjev sin tilslutnad til at Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med Opplysningsrådet for Veitrafikken, tek på seg deler av kostnadane for *Den nasjonale veikonferansen 2014* på inntil 250 000 kroner.

### **49/13 SØKNAD FRÅ FLYBUSSBERGEN.NO AS OM ENDRING AV RUTELØYVE FOR STREKNINGA BERGEN LUFTHAMN - HAUKELAND UNIVERSITETSSJUKEHUS**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## INNSTILLING

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 30.01.13 frå Flybussbergen.no AS om endring av ruteløyve for strekninga Bergen lufthamn – Haukeland universitetssjukehus.
2. Ruteløyvet gjeld for persontransport med påstiging på Bergen lufthamn og avstiging på Haukeland universitetssjukehus eller omvendt. Ruteløyvet gjeld og persontransport mellom Bergen lufthamn og mellomliggjande stader, men ikkje mellom Haukeland universitetssjukehus og mellomliggjande stader. Ruteløyvet gjeld ikkje lokal persontransport.

3. Transporttilbudet skal vere tilgjengeleg for alle. Dersom det vert nytta vognmateriell frå før 01.01.2010 skal det gjevast eit servicetilbod som er tilpassa alle, uavhengig av funksjonsevne.
4. Haldeplassane langs traseen skal berre nyttast til snøgg av- og påstiging.

Rolf Rosenlund

sekretær

## MØTEBOK

### Samferdselsutvalet

**Dato:** 22. mai 2013      **Kl.:** 13.00-14.15      **Stad:** Fylkeshuset, Agnes Mowinkelsgt. 5, møterom 367.

**Saknr.:** 50/13

### MØTELEIAR

Bahus, Gustav (FRP)

### DESSE MØTTE

Kvåle, Atle (A)  
Innvær, Anne-Line (A)  
Hansen, Jette Lunemann (A)  
Nævdal, Helge (A)  
Ulvund, Inger Signe (FRP)  
Ryssdal, Stein Inge (H)  
Johansen, Iiril Schau (H)  
Kårbø, Pål (KRF)  
Ljones, Jostein (SP)  
Skauge, Tom (SV)  
Greaker, Alf Helge (V)  
Torsvik, John Torgeir (H)  
Lunde, Børge (H)  
Kallevåg, Inge Reidar (H)

### FORFALL

Eidsheim, Torill (H)  
Lutro, Einar (H)  
Berland, Eli Årdal (H)

### DESSUTAN MØTTE

Frå Hordaland fylkeskommune	
Thorbjørn Aarethun	
Rolf Rosenlund	
Oddmund Sylta	
Torill Klinker	
Erlend Iversen	

### MERKNADER TIL INNKALLINGA

Det var ikkje merknader til innkallinga.



## **GODKJENNING AV SAKLISTA**

Saklista vart godkjent utan merknader.

## **MELDINGAR**

**Periode: 22. mars 2013 - 22. mai 2013**

Ingen referatsaker til dette møte.

## SAKNR.

### 50/13 BERGEN KOMMUNE - HØYRING AV KONSEKVENsutGREIING OG TRASEVURDERING FOR REGULERINGSPLAN FOR BYBANEN BERGEN SENTRUM - ÅSANE - FRÅSEGN

**Atle Kvåle** sette fram forslag til ny innstilling.

1. I sentrum – delområde A, tilrår Hordaland fylkeskommune at det vert arbeid vidare med:
  - a) 1Aa (Bryggen). Torget og Bryggen er eit av Bergen sine viktigaste vrimleområde, arnestaden til byen og den einaste staden med direkte kontakt med hamn og sjøliv. I tillegg til omsyn til kulturminne må ein unngå å redusere Torget med 4 meter bredde langs heile Vågsbunnen. Det må også synleggjorast korleis eit kjørefelt, to sykkelfelt og bybane langs Bryggen kan kombinerast med vrimleområdet. Det same med sikkerheit, behov for gjerder og at Bybanetraseen vil ligge 20 – 40 cm høgare enn fortauet langs Bryggen på grunn av flaum.
  - b) 2Aa (tunnel gjennom sentrum og hovudterminal i Christiegate under gateplan). Tunnellinnslag så langt sør som mogleg.
  - c) Det må utredast eit nytt alternativ der Åsane traseen vert vidareført direkte mot Haukeland Sjukehus, Kronstad, Mindemyren og Oasen, med moglegheit til vidareføring mot Vest. Sentrumstrafikken vert betjent med stopp i fjell ved Vetrlidsalmenningen/Øvre Korskirkealmenning og et stopp ved Jernbanestasjonen. For at byen skal utvikle seg vidare er det naudsynt å få på plass eit samanhengande bybane nett som på ei effektiv måte når dei store arbeidsplassane i heile sentrum og samtidig tek opp i seg tverrgående trafikk. Endeleg val av trase i sentrum føreset tilleggsutgreiingar, jf. pkt. 4. For å etablere eit samanhengande kollektivsystem i Bergen, må det vere kort avstand mellom buss og bane med haldeplassar i sentrum.
2. I Sandviken – delområde B, vert alternativ 1Bb (Nyhavn) tilrådd som trasé. Det vert utreda haldeplass under bakken på NHH for å redusere reisetid. Eit stopp under bakken kan kombinerast med bygging av studentbustader og velferdssenter. Sandviken har eit stort uforløyst potensial for vidare byutvikling. Ei dagløyning i Sjøgaten føreset sterk begrensning av gjennomgangstrafikk.
3. I Åsane – delområde C, tilrår Hordaland fylkeskommune ei kombinasjonsløyning med alternativ 2C som trasé frå Eidsvåg til Åsane senter og alternativ 2C til Vågsbotn. Raskaste trase til Åsane terminal og vidare gjennom Åsane senter.
4. Hordaland fylkeskommune ber om tilleggsutgreiing knytt til følgjande:
  - a. Konsekvensane av tiltaket med omsyn til kulturminne og kulturmiljø knytt til mogleg barriereverknaden ved Bybanen over Bryggen. Utgreiinga skal også vurdere verknaden for den overordna bystrukturen med allmenningar, med vekt på kulturmiljøet rundt Vågen og verdskulturminnet Bryggen, og bruken av Bryggen som offentleg tilgjengeleg byarena, historisk ferdselsåre og hamn.
  - b. Utgreiing av batteridrift som avbøtande tiltak for å unngå bruk av køyreleidningar og master over Bryggen.
  - c. Utgreiing av trasé 2Aa, med nedkøyringsrampe flytta frå Kaigaten til sør for Statens hus/ Nonnen.
  - d. Kartlegging av hydrogeologiske tilhøve og vurdering av risiko for endringar av grunnvasstanden i Sandbrogaten og Vågsbunnen.
  - e. Kartlegging og utgreiing av konsekvensane tiltaket i Sandbrogaten kan ha for kulturlaga og kulturminna i Sandbrogaten. Det same gjeld for løyning med vending av Bybanen ved Torget og ved Sandbrogaten.
  - f. Kartlegging av konsekvensane for automatisk freda kulturlag og for kulturminne i sentrum av nasjonal verdi grunna eventuell omlegging av kommunal infrastruktur, røyr og kulverter under bakken.
  - g. Utgreiing av tunell frå Sandviken med direkte vidareføring mot Vest jmf innstilling 1 c)
  - h. Utgreiing av underjordisk stopp ved NHH og moglegheit for bygging av bustader/velferdsbygg

- i. Utgreiing av kollektivterminal i Åsane over fleire plan.
  - j. Utgreiing av korleis ein skal løyse kollektivutfordringane i heile sentrum på kort og lang sikt med store arbeidsplassar som Haukeland Sjukehus, Amalie Skram vgs/Svømmeanlegg, Høyskolen på Kronstad og DNB samt Mindemyren. Hovudfokus må verte på arbeidsreiser/skole/student.
5. Hordaland fylkeskommune tilrår ikkje trasealternativ 1Ab (Vågsalmenning), 2Ab (Peder Motzfeltsgate), 3Ba , 3Bb (tunnel alt i Sandviken).

**Alf Helge Greaker** sette på vegne av V, H, FRP fram forslag til endra pkt 3.

«I Åsane - delområde C, tilrår Hordaland fylkeskommune at 2C vert valt som trase frå Eidsvåg til Åsane terminal, og at alternativ 1Cb og 2C til Vågsbotn vert prioritert i det vidare arbeidet. 1Cb kan anten kombinerast med utviding av dagens terminal, eller med ny terminalaktivitet på C-tomta. Endeleg val av trase i sentrumsområdet føreset grundig vurdering av planar for framtidig vegnett og at det ved vurdering av plassering for kollektivterminal vert vektlagt at lokalvegnettet ikkje skal verta unødig høgt belasta. Fylkeskommunen vil oppmode om at det i det vidare arbeidet og vert lagt til rette for god koordinering med pågåande arbeid med innfartsparkering for Bergensområdet.»

**Tom Skauge** sette fram fylgjande protokollmerknad frå SV.

«SV støttar A sitt forslag 4J som utredning for neste bybanetrase til Haukeland sjukehus, Kronstad, Mindemyren, Oasen, og Loddefjord.»

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, KRF, SP, V fram fylgjande protokollmerknad.

«SV, KRF, SP og V ber om at samanhengande sykkelveg og bilfri Brygge blir uansett alternativ.»

**Tom Skauge** sette på vegne av SV, KRF, SP, fram fylgjande protokollmerknad.

« Ber om at det vert utgreidd betre korleis Universell utforming skal ivaretakast ved tunnelalternativet.»

**Gustav Bahus** sette fram fylgjande protokollmerknad frå FrP

«Med den kunnskap som ligg føre no går FrPs representantar primært for alternativ 2 Aa (tunnelløysning) gjennom sentrum, samt vidareutvikling av Åsane terminal framfor ny terminal på C-tomta i Åsane. FrPs representantar stør imidlertid framlegget om tilleggsutgreiing for å styrkja beslutningsgrunnlaget ytterlegare.»

**Stein Inge Ryssdal** sette fram fylgjande protokollmerknad frå H, SV.

«Nordre bydel er i stor utvikling og Bergen har vist til store planar for utbyggjing og fortetting. Hordaland fylkeskommune ser det slik at det bør utarbeidast eigen reguleringsplan for å kunne forlenga bybanetraseen til Hylkje.»

## **Røysting**

Atle Kvåle sitt forslag til ny innstilling fekk 4 røyster og fall

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1,2,4 a-b og d-f, 5 og 7 vart vedteke mot 4 røyster (A).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 4c vart vedteke med 8 røyster (FRP, H, V).

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt 3 vart vedteke mot 4 røyster (A).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 fekk 1 røyst (KRF) og fall.

## INNSTILLING:

1. I sentrum – delområde A, tilrår Hordaland fylkeskommune at alternativa 1Aa og 2Aa vert prioriterte i det vidare arbeidet. Endeleg val av trase i sentrum føreset tilleggsutgreiingar, jf. pkt. 4. For å etablere eit samanhengande kollektivsystem i Bergen, må det vere kort avstand mellom buss og bane med haldeplassar i sentrum.
2. I Sandviken – delområde B, vert alternativ 1Ba tilrådd som trasé.
3. I Åsane - delområde C, tilrår Hordaland fylkeskommune at 2C vert valt som trase frå Eidsvåg til Åsane terminal, og at alternativ 1Cb og 2C til Vågsbotn vert prioritert i det vidare arbeidet. 1Cb kan anten kombinerast med utviding av dagens terminal, eller med ny terminalaktivitet på C-tomta. Endeleg val av trase i sentrumsområdet føreset grundig vurdering av planar for framtidig vegnett og at det ved vurdering av plassering for kollektivterminal vert vektlagt at lokalvegnettet ikkje skal verta unødig høgt belasta. Fylkeskommunen vil oppmode om at det i det vidare arbeidet og vert lagt til rette for god koordinering med pågåande arbeid med innfartsparkering for Bergensområdet..
4. Hordaland fylkeskommune ber om tilleggsutgreiing knytt til følgjande:
  - a. Konsekvensane av tiltaket med omsyn til kulturminne og kulturmiljø knytt til mogleg barriereverknaden ved Bybanen over Bryggen. Utgreiinga skal også vurdere verknaden for den overordna bystrukturen med allmenningar, med vekt på kulturmiljøet rundt Vågen og verdskulturminnet Bryggen, og bruken av Bryggen som offentleg tilgjengeleg byarena, historisk ferdselsåre og hamn.
  - b. Utgreiing av batteridrift som avbøtande tiltak for å unngå bruk av køyreleidningar og master over Bryggen.
  - c. Utgreiing av trasé 2Aa, med nedkøyringsrampe flytta frå Kaigaten til sør for Statens hus/Nonnen.
  - d. Kartlegging av hydrogeologiske tilhøve og vurdering av risiko for endringar av grunnvasstanden i Sandbrogaten og Vågsbunnen.
  - e. Kartlegging og utgreiing av konsekvensane tiltaket i Sandbrogaten kan ha for kulturlaga og kulturminna i Sandbrogaten. Det same gjeld for løysing med vending av Bybanen ved Torget og ved Sandbrogaten.
  - f. Kartlegging av konsekvensane for automatisk freda kulturlag og for kulturminne i sentrum av nasjonal verdi grunna eventuell omlegging av kommunal infrastruktur, røyr og kulverter under bakken.
5. Hordaland fylkeskommune tilrår ikkje trasealternativ 1Ab, 1 Bb, 2Ab, 3Ba, 3Bb.
6. For å sikre kontinuerleg utbygging av Bybanen i Bergen, ber Hordaland fylkeskommune at naudsynt utgreiingsarbeid blir gjennomført så raskt som mogeleg.

Rolf Rosenlund

sekretær



**SAKNR. 52/13**  
**MØTEDATO 05.06.13**

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Saksordfører</b>
Samferdselsutvalet	05.06.13	52/13	
Fylkesutvalet	20.06.13		

## **Namnesak - skrivemåten av namn på tunnel og bru i Ulvik herad**

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 201302876-2  
Arkivnr. 812  
Saksh. Nordnæs, Merethe Helland

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Samferdselsutvalet	05.06.2013
Fylkesutvalet	20.06.2013

## **NAMNESAK - SKRIVEMÅTEN AV NAMN PÅ TUNELL OG BRU I ULVIK HERAD**

---

### **SAMANDRAG**

Ifølgje lov om stadnamn § 5 2. ledd skal fylkeskommunen gjera vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg m.v..

Saka gjeld namn på ein tunell som er under arbeid på fylkesveg 572 mellom Eddagjelet og Atlåsbekken. Saka gjeld og namn på ein eksisteranda bru i området med registrert namn: «Torgilsberget». Skrivemåten av namnet til brua bør rettast med tilføyning av etterleddet « -brua».

Fylkesrådmanen rår til at namnet på tunnelen vert «**Torgilsbergtunellen**» og namnet på brua vert endra til «**Torgilsbergbrua**».

## **FORSLAG TIL INNSTILLING**

1. Fylkesutvalet vedtek at namnet på tunnelen på Fylkesveg 572 mellom Eddagjelet og Atlåsbekken vert «Torgilsbergtunellen».
2. Fylkesutvalet vedtek at namnet på brua «Torgilsberget» vert endra til «Torgilsbergbrua»

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun  
konst. samferdselssjef

Vedlegg:

Vedlegg 1: Brev av 12. mars 2013 frå Statens vegvesen

Vedlegg 2: Brev av 27. september 2012 frå Stadnamntenesta på Vestlandet

## **FYLKESRÅDMANNEN, 27.05.2013:**

Saka gjeld namn på ein tunell som er under arbeid på fylkesveg 572 mellom Eddagjelet og Atlåsbekken med planlagt opning i september d.å. I samband med namnesaka for tunellen, vart namneframlegget «Torgilsberg tunnelen». Dette vart også tilrådd av Ulvik herad i Utvalssak 039/12 den 06.06.2012.

Torgilsberget er og registrert som godkjent namn på ei eksisterande bru i området, men utan bindeleddet brua/brui. Skrivemåten bør samstundes rettast med tilføyning av dette etterleddet med tilsvarande samanbindingsmåte som for tunnelen.

### **Det rettslege grunnlag:**

Stadnamnlova § 5 2. ledd lyder: «*Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg og liknande. Fylkeskommunen gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg og liknande.*»

Fylkesutvalet har fått delegert denne mynde. Det vert vist til delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune del C delegasjon etter særlov, nr. 11 § 9. «*Fylkesutvalet har mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar.*»

Stadnamnlova § 6 1. ledd lyder mellom anna: «*Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg.* --- *Kommunane har rett til å uttala seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten.*»

Namnekonsulentane er her Stadnamntenesta på Vestlandet.

### **Høyringsuttalelser:**

*Stadnamntenesta på Vestlandet* rår i brev av 27. 09. 2012 til at namnet på tunellen vert «Torgilsberg tunnelen». Dei rår til at skrivemåten av namnet til brua, vert endra frå «Torgilsberget bru» til «Torgilsbergbrua».

I ein e-post til samferdselsavdelinga frå eit av medlemmene i Stadnamntenesta den 28. 09.2012, vert det tilrådd å endre «Torgilsberget bru» til «Torgilsbergbrui».

*Ulvik herad:* Saka har vore på høyring hos Ulvik herad. Dei rår til at namnet på tunellen vert «Torgilsberg tunnelen». Dette går fram i utvalssak 039/12 den 06.06.2012.

Ulvik herad sitt syn i saka når det gjaldt brua var at namneforslaget bør vera «Torgilsbergbrua». Dei grunngeve dette med at brua ligg tett opp til Hardangerbrua, som har –brua som ending. Etter førespurnad er det opplyst at det ikkje er andre bruer i Ulvik med –brui ending.

*Statens vegvesen Region Vest* har i brev av 12.03.2013 gjeve uttale om skrivemåten av namna på tunellen og brua: «*Statens vegvesen tilrår namneframlegget «Torgilsberg tunnelen» og «Torgilsbergbrua» i samsvar med Ulvik herad sitt ynskje.*»



### **Fylkesrådmannen sine merknader:**

Fylkesrådmannen tilrår namneforslaget «Torgilsbergtunellen», noko som er i samsvar med Ulvik herad sitt ynskje og Statens vegvesen Region Vest sitt forslag. Når det gjeld skrivemåten av *tunell* framfor *tunnel*, vil dette vera ei endring av praksis fram til no, der nærmast alle tunellar i Hordaland brukar *-tunnelen* som ending. Formene i rettskriving er likestilte. Fylkeskommunen ynskjer ein mest mogeleg ens praksis i skrivemåten av ordet, og vil heretter som hovedregel nytte ordet *-tunell*.

Fylkesrådmannen rår til at namnet på brua vert endra til «Torgilsbergbrua» noko som er i samsvar med Ulvik herad sitt ynskje og Statens vegvesen sitt forslag, samt at ein i samansette namn bør bruke den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet, jfr. rettleiing til forskrift til lov om stadnamn punkt 3.1.b.V.

Fylkesrådmannen rår til at namnet på tunellen vert «**Torgilsbergtunellen**» og at namnet på brua vert endra til «**Torgilsbergbrua**».



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
v/samferdselsavd.  
Postboks 7900  
5020

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201302876	Dok.nr. 1
14 MARS 2013	
Arkivnr. 812	Saksh.
Eksp.	
U.off.	

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:  
2010/016061-054

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.03.2013

### Fv. 572- Namnesak på tunnel og bru i Ulvik herad

I samband med namnesaka for tunnelen som skal byggjast på fylkesveg 572 mellom Eddegjelet og Atlåsbekken vart namneframlegget «Torgilsberg tunnelen». Dette vart også tilrådd av Ulvik herad, sak FSK- 039/12, den 06.06.12.


Torgilsberget er og registrert som godkjend namn på ei bru i området, men utan bindeledet – brua/brui. Skrivemåten bør samstundes rettast med tilføyning av dette etterleddet med tilsvarende samanbindingsmåte som for tunnelen.


I eit brev som Stadnamntenesta på Vestlandet har skrive til Hordaland fylkeskommune, vart det tilrådd å endra Torgilsberget bru til Torgilsbergbrui.

Saksgangen inkluderte mellom anna høyring til heradet. Ulvik herad sitt syn i saka var at namneforslaget bør vera Torgilsbergbrua. Dette grunngjev dei med at den ligg tett opp til Hardangerbrua, som har –brua som ending. Etter førespurnad er det opplyst at det ikkje er andre bruer i Ulvik med –brui ending.

Statens vegvesen tilrår namneframlegget «Torgilsberg tunnelen» og «Torgilsbergbrua» i samsvar med Ulvik herad sitt ynskje.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

  
Carl-Erik Nielsen  
seksjonssjef

  
Per Steinar Nedkvitne

#### Vedlegg

Kopi: Stadnamntenesta på Vestlandet, LLE,UiB, Postboks 7805, 5020 BERGEN

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Hordaland fylkeskommune  
Samferdsleavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 201208348 Dok.nr. 1

04 OKT. 2012

Arkivnr. 814

Saksh. ANNFAC

Eksp.

U.off.

Ref.:

Vår ref.:

2012/74-2 363-12

Dato:

27. september 2012

### Namn på ein tunnel og ei bru i Ulvik herad. Tilrådde skrivemåtar.

Me syner til den medsende kopien av eit brev som Statens kartverk Bergen skreiv til Stadnamntenesta på Vestlandet 23. juli i år.


Stadnamntenesta finn skrivemåten *Torgilsbergtunnelen* tilrådeleg. I Odda kommune er det ein tunnel som ber namnet *Torgilsholtunnelen*. Det er mogleg at desse namna er så pass like at dei kan gi forvekslingsfare. Tunnelen i Ulvik endar i sørvest i eit liområde som heiter *Teigane*. Denne tunnelen kan difor gjerne få namnet *Teigatunnelen* i staden for *Torgilsbergtunnelen*. Eit brunamn i området bør få skrivemåten endra frå *Torgilsberget bru* til *Torgilsbergbrua*. (Sjå punkt 3.1.b.V i rettleiinga som er knytt til forskrifta til Lov om stadnamn.)

Sia tunnelen og brua ligg på ein fylkesveg, er det Hordaland fylkeskommune som gjer vedtak i dei to sakene.

Med helsing frå



Oddvar Nes  
stadnamnkonsulent



Ole-Jørgen Johannessen  
stadnamnkonsulent



Kjell Erik Steinbru  
rådgjevar / sekretær

Kopi til: Statens kartverk Bergen, 3507 Hønefoss  
Statens vegvesen, Regionkontoret, Askedalen 4, 6863 Leikanger  
Ulvik herad, Skeiesvegen 5, 5730 Ulvik



Adresse:  
LLE, UiB  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Tlf.nr.:  
55 58 24 11

E-postadresse:  
Kjell.Steinbru@lle.uib.no

Internettadresse:  
www.sprakrad.no/Tema/Stedsnavn/



Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Samferdselsutvalet	05.06.13	53/13	
Fylkesutvalet	20.06.13		

## **Etablering av bompengeselskap for Askøypakken - Askøy Bompengeselskap AS**

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200800701-29  
Arkivnr. 800  
Saksh. Midtgård, Bjørn Inge

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Samferdselsutvalet	05.06.2013
Fylkesutvalet	20.06.2013

## **ETABLERING AV BOMPENGESELSKAP FOR ASKØYPAKKEN - ASKØY BOMPENGESELSKAP AS**

---

### **SAMANDRAG**

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om etablering av eit bompengeselskap for Askøypakken. Forslag til namn på selskapet er Askøy Bompengeselskap AS. Fylkestinget gjorde 11.12.2012 vedtak om å oppretta eit bompengeselskap for Askøypakken, der fylkeskommunen har eigarmajoritet og fleirtal i styret. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å teikna aksjar i selskapet og å oppnemna styremedlemmer for fylkeskommunen. Arbeidet med ekstern kvalitetssikring av Askøypakken KS2 er no i gang. Etter vidare handsaming av bompengesøknaden i Vegdirektoratet og Samferdseseldepartementet vil Askøypakken bli handsama i Stortinget som ein eigen bompengepakke.

Det er lagt opp til eit styre på fem medlemmer i bompengeselskapet med tre frå fylkeskommunen (sjå § 7 i utkastet til vedtekter) og to frå Askøy kommune. I utkastet til vedtekter er det foreslått at selskapet skal ha ein aksjekapital på kr. 300 000. Fylkeskommunen skal eiga 60 prosent av aksjane dvs. 180 aksjar á kr. 1 000. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen sitt aksjeinnskott vert finansiert frå fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto. Det kan også bli aktuelt å fremja ei sak seinare i år om fylkeskommunal lånegaranti til selskapet.

I NTP 2014 - 2023 står det at «Statens vegvesen vil legge opp til en tett dialog med fylkeskommunene og andre berørte med sikte på at det kan opprettes regionale bompengeselskap så snart som mulig.» Ein slik eventuell prosess kan likevel ta ei viss tid. Slike prosessar tar ofte lengre tid enn føreset. Fylkesrådmannen ser det derfor som naudsynt at det no vert etablert eit eige bompengeselskap for Askøypakken. Selskapet vil då seinare bli fusjonert inn i eit eventuelt regionalt bompengeselskap.

## FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet vedtek å etablere eit bompengeselskap for Askøypakken - Askøy Bompengeselskap AS - organisert som eit aksjeselskap og med fylkeskommunal aksjemajoritet. Askøy kommune vert invitert med til å vera aksjonær i selskapet.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til vedlagte utkast til vedtekter med foreslått aksjefordeling for Askøy Bompengeselskap AS.
3. Til styret for Askøy Bompengeselskap AS oppnemner fylkesutvalet:

leiar. .... personleg varamedlem.....  
medlem. .... personleg varamedlem.....  
medlem. ....personleg varamedlem.....

4. Fylkesutvalet løyver kr. 180 000,- i aksjekapital (180 aksjar á kr. 1 000) til Askøy Bompengeselskap AS. Fylkesutvalet legg til grunn at Askøy kommune løyver den resterande aksjekapitalen (dvs. 120 aksjar á kr. 1 000).

Budsjettet for 2013 vert endra slik:

10 720 200 00 14900	Tilleggsløyvingskonto	- 180 000
10 790 100 00 15700	Interne finansieringstrans.	+ 180 000
10 740 020 00 05290 00 07110	Kjøp av aksjar	+ 180 000
10 740 020 00 09700 00 07110	Interne finansieringstrans.	- 180 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun  
konst. samferdselssjef

Vedlegg:

1. Utkast til vedtekter for Askøy Bompengeselskap AS

## FYLKESRÅDMANNEN, 29.5.2013:

### Bakgrunn

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om etablering av eit bompengeselskap for Askøypakken. Forslag til namn på selskapet er Askøy Bompengeselskap AS. Fylkestinget gjorde 11.12.2012 vedtak om å oppretta eit bompengeselskap for Askøypakken, der fylkeskommunen har eigarmajoritet og fleirtal i styret. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å teikna aksjar i selskapet og å oppnemna styremedlemmer for fylkeskommunen. Arbeidet med ekstern kvalitetssikring av Askøypakken KS2 er no i gang. Etter vidare handsaming av bompengesøknaden i Vegdirektoratet og Samferdseseldepartementet vil Askøypakken bli handsama i Stortinget som ein eigen bompengepakke.

### Om Askøypakken

I Askøypakken inngår 10 vegprosjekt på fylkesvegnettet på Askøy samt forslag til investeringar i kollektivtiltak i Askøy og i Bergen. Askøypakken har ei investeringsramme på ca.1,3 mrd. kr. for dei 10 høgaste prioriterte tiltaka, ei ramme på 200 mill.kr. til kollektivtiltak, samt ei ramme på omlag 220 mill.kr. til andre tiltak (med lågare prioritet).

Prosjekt	Kostnad (mill.2012-kr.)
Fv 563 Florvåg - Erdal	53
Fv 562 Lavik - Haugland	332
Fv 562 Strusshamnkrisset	5
Fv 562 Fromreide - Kjerrgarden, x Fv 222	65
Fv 563 Strømsnes - Hop	123
Fv 562 Fauskanger sør	32
Fv 212 Lindhaugen - Slettebrekka	21
Fv 212 Slettebrekka - Hettevik	165
Fv 213 Skiftesvik - Marikoven	53
Fv 216 Skansen (Kleppe)	15
Andre tiltak	220
Ramme kollektivtiltak	200
Plankostnader	5
Investeringer innkrevingsutstyr	10
SUM Askøypakken	1 300

1100 millionar (om lag 85 %) er bompengar. 200 millionar (om lag 15 %) er planlagt finansiert med fylkeskommunale midlar (jfr. vedtak i fylkestinget 15.3.2011, sak 14/11). For nærare omtale av prosjekta i Askøypakken viser fylkesrådmannen til fylkestingsak 71/12 «Delvis bompengefinansiering av Askøypakken – søknad», handsama i fylkestinget 11.12.2012.

### Organisering av bompengeselskapet

Etablering og organisering av bompengeselskap er omtala i Statens vegvesen si handbok "Håndbok 102 Bompengeprosjekter":

#### Oppgåvene til bompengeselskapet

Med grunnlag i ein bompengeavtale mellom bompengeselskapet og Vegdirektoratet skal bompengeselskapet stå for del- eller fullfinansiering av utbygging av infrastruktur, administrera bompengeneinnkrevinga, samt ha ansvaret for drift og vedlikehald av innkrevingsutstyret (frå pkt. 1.3 i mal for bompengeavtale).

Bompengeselskapet skal administrera bompengeneinnkrevninga slik at det gjev minst mogleg ulempe for trafikantane, høgast mogleg innteningsevne og lågast mogleg drifts- og administrasjonskostnader (frå pkt. 5.2 i mal for bompengearvtale).

Selskapet sine administrasjonskostnader, løn og styrehonorar vert finansiert gjennom bompengeneinntektene. Selskapet kan ikkje engasjere seg i tiltak eller aktiviteter som ikkje direkte har samanheng med innkrevninga av bompengar eller betjeninga av selskapet si gjeld ((frå pkt. 1.3 og 5.3 i mal for bompengearvtale).

#### Selskapsform

Eit bompengeselskap kan organiserast på fleire måtar. Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet ser det som ein fordel at nye bompengeselskap vert organisert som aksjeselskap eller andelslag, slik at selskapa får ei mest mogleg lik selskapsform. Er bompengeselskapet organisert som eit aksjeselskap, skal vedtektene, i følgje aksjeloven § 2-2 (L1-4), innehalda:

1. Selskapet sitt firmanamn
2. Namnet på kommunen kor selskapet har forretningskontoret sitt
3. Føremålet til selskapet
4. Aksjekapitalen
5. Pålydande på aksjane (nominelle beløp)
6. Talet eller lågaste og høgaste talet på styremedlemer
7. Kva saker som skal handsamast på ordinære generalforsamlingar.

I mal for bompengearvtalen, punkt 6.1.b, er det eit krav at selskapet skal vera majoritetsleid av fylkeskommune/kommunar og at styrerepresentantar som utgår frå desse, utgjer fleirtalet i styret.

#### Nokre moment frå utkastet til vedtekter for Askøy Bompengeselskap AS

Føremålet med selskapet er gjeve i § 3 i vedtektene:

*«Selskapet si verksemd er å førestå delfinansiering av prosjekta i Askøypakken. Selskapet har ikkje som føremål å skaffa aksjeeigarane økonomisk utbytte og skal ikkje utdela utbytte.»*

Val og samansetjing av styre er omhandla i §7::

*«Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemer med personlege varamedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 2 styremedlemer og 2 varamedlemer. Styremedlem med varamedlem vert valde for kvar kommune- og fylkestingsperiode på første vanlege generalforsamling etter valet. Hordaland fylkeskommune peikar ut tre av styremedlemene. Generalforsamlinga vel leiar av styret frå desse tre. Askøy kommune peikar ut to styremedlemer. Dagleg leiar vert tilsett av styret.»*

Sjå elles vedlagde utkast til vedtekter.

#### Prosedyre for etablering av Askøy Bompengeselskap AS

Fylkesrådmannen legg til grunn følgjande opplegg for etablering av bompengeselskapet for Askøypakken – Askøy Bompengeselskap AS:

- I juni 2013 vedtek fylkesutvalet opplegg for eigarstruktur og utkast til stiftingsdokument, løyver midlar til aksjekapital og, vel fylkeskommunen sine styremedlemer.
- Omlag på same tid gjer Askøy kommune vedtak om deltaking, aksjekjøp og godkjenning av utkastet til stiftingsdokument. Askøy kommune vel sine to styremedlemer.
- Fylkeskommunen inviterer i september Askøy kommune til stiftingsmøte, der stiftingsdokumentet vert signert. På eit slikt møte vil og løysingar for dei administrative behova i selskapet bli drøfta.

#### **Tidlegare politisk vedtak**



Fylkestinget handsama 11.12.2012 sak 71/12 «Delvis bompengefinansiering av Askøypakken – søknad», og gjorde mellom anna vedtak om å oppretta eit bompengeselskap for Askøypakken:

*«1. Fylkestinget godkjenner søknad om delvis bompengefinansiering av «Askøypakken» frå 27.09.2012, under føresetnad av at Samferdselsdepartementet tillet at Askøypakken kan gjennomførast uavhengig av ein eventuell komande «regionpakke» for Bergensområdet.*

*2. Fylkestinget ber om at det vert etablert eit bompengeselskap for Askøypakken, der Fylkeskommunen har eigarmajoritet og fleirtal i styret. Fylkesutvalet får fullmakt til å teikna aksjar i selskapet og oppnemna styremedlemmer for fylkeskommunen.*

*3. Fylkestinget ber om at det vert oppretta eit kontaktutval med administrativ deltaking frå Statens vegvesen, bompengeselskapet for Askøypakken, Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune med mandat å sikra framdrift, gjennomføring og tilstrekkeleg finansiering for alle investeringsprosjekt/tiltak i Askøypakken.»*

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen viser til vedtaket ovanfor om å etablera eit bompengeselskap for Askøypakken. I NTP 2014 - 2023 står det at «Statens vegvesen vil legge opp til en tett dialog med fylkeskommunene og andre berørte med sikte på at det kan opprettes regionale bompengeselskap så snart som mulig.» Ein slik eventuell prosess kan likevel ta ei viss tid. Slike prosessar tar ofte lengre tid enn føresett. Fylkesrådmannen ser det derfor som naudsynt at det no vert etablert eit eige bompengeselskap for Askøypakken. Selskapet vil då seinare bli fusjonert inn i eit eventuelt regionalt bompengeselskap.

Askøy kommune ønskjer ikkje å omdanna Askøyveiene AS (Askøy kommune sitt «pådrivarselskap» for Askøypakken) til eit bompengeselskap for Askøypakken. Det må då etablerast eit eige bompengeselskap for Askøypakken.

Stiftinga av selskapet skjer på grunnlag av det framlagte utkastet til vedtekter (vedlegg), men med rom for tilpassingar og redaksjonelle endringar, seinast på stiftingsmøtet. Komplette stiftingsdokument vert utarbeida til stiftingsmøtet.

Bompengeselskapet si forretningsadresse legg ein opp til vert i heimkommunen til prosjektet dvs. på Askøy. Dette er i tråd med noverande praksis (jf. bompengeselskapa for Vossapakken, Kvammapakken, Bømlopakken mfl.).

Det er lagt opp til eit styre på fem medlemmer i bompengeselskapet med tre frå fylkeskommunen (sjå § 7 i utkastet til vedtekter) og to frå Askøy kommune. Etter aksjeloven er det ikkje krav om varamedlemmer når styret har meir enn 2 medlemmer (sjå aksjeloven § 6-3). Fylkesrådmannen vil likevel rå til å følgja den praksis som er lagt til grunn for selskap der fylkeskommunen har stilt garanti og kravd styrefleirtal, med personleg varamedlem for kvart styremedlem. Det er også praksis at fylkeskommunen oppnemner styreleiaren.

I utkastet til vedtekter er det foreslått at selskapet skal ha ein aksjekapital på kr. 300 000. Fylkeskommunen skal eiga 60 prosent av aksjane dvs. 180 aksjar á kr. 1 000. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen sitt aksjeinnskott vert finansiert frå fylkesutvalet sin tilleggsløyvingsskonto. Det kan også bli aktuelt å fremja ei sak seinare i år om fylkeskommunal lånegaranti til selskapet.

**UTKAST**  
**STIFTINGSDOKUMENT**  
**FOR**

**ASKØY BOMPENGESELSKAP AS**

Den.....vart stiftingsmøte for Askøy Bompengeselskap AS halde i Hordaland fylkeskommune sine kontorlokale (fylkeshuset) i Bergen.

**Stiftarar**

Til stade som stiftarar var:

Hordaland fylkeskommune  
Agnes Mowinckelsgt. 5,  
5020 Bergen,  
Org. nr. 974 556 669

Representert ved .....

Askøy kommune  
Pb. 323,  
5323 Kleppestø  
Org. nr. 964 338 442

Representert ved .....

**Selskapet sine vedtekter**

Selskapet sine vedtekter skal lyda:

**§ 1 - Namn**

Selskapet sitt namn er Askøy Bompengeselskap AS.

**§ 2 – Forretningskontor**

Selskapet sitt forretningskontor er i Askøy kommune.

**§ 3 – Føremål**

Selskapet si verksemd er å førestå delfinansiering av prosjekta i Askøypakken. Selskapet har ikkje som føremål å skaffa aksjeeigarane økonomisk utbytte og skal ikkje utdela utbytte.

**§ 4 – Verksemd**

Selskapet skal administrera innkrevjing av bompengar i samsvar med samtykke frå Stortinget og avtale med Statens vegvesen, jf. Veglova § 27, herunder også forvaltning av bompengemidlar og anna verksemd som naturleg står i tilknytning med selskapet sitt føremål.

Selskapet si verksemd skal til ei kvar tid drivast i samsvar med inngåtte avtalar med Statens vegvesen, med moglege seinare endringar. Sentrale arbeidsoppgåver vil vera innkreving og administrasjon av bompengemidlar, låneopptak og reforhandling av låneavtalar.

Selskapet kan ikkje engasjere seg i verksemd som ikkje er nemnd i § 3 eller som ikkje direkte har samband med innkreving av bompengar eller betjening av selskapet si gjeld. Selskapet kan ikkje engasjere seg i eller pådra seg utgifter knytt til byggherrefunksjonen.

#### **§ 5 – Aksjekapital**

Selskapet sin aksjekapital er kr. 300 000,-, fordelt på 300 aksjar, kvar pålydande kr. 1000,-.

#### **§ 6 – Omsetningsforbod**

Aksjane kan ikkje omsetjast.

#### **§ 7 – Styre og administrasjon**

Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 2 styremedlemmer og 2 varamedlemmer. Styremedlem med varamedlem vert valde for kvar kommune- og fylkestingsperiode på første vanlege generalforsamling etter valet. Hordaland fylkeskommune peikar ut tre av styremedlemmene. Generalforsamlinga vel leiar av styret frå desse tre. Askøy kommune peikar ut to styremedlemmer. Dagleg leiar vert tilsett av styret.

#### **§ 8 – Signatur**

Selskapet sitt firma vert teikna av styreleiaren og eitt styremedlem i fellesskap.

#### **§ 9 – Generalforsamlinga**

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål behandlast og avgjerast:

1. Godkjenning av årsrekneskap og årsberetning.
  2. Val av styre, under dette val av styreleiar
  3. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.
- Til generalforsamlinga har Riksrevisjonen og Statens vegvesen møte- og talerett, og skal innkallast til denne på same måte som for aksjonærane.

#### **§ 10 – Kontroll**

Eigarane og eigarane sine revisorar har rett til å føre kontroll med eigarinteressene sine i selskapet.

#### **§ 11 – Oppløysing**

Ved oppløysing av selskapet skal innbetalt aksjekapital betalast tilbake til aksjonærane. Innbetalt aksjekapital kan justerast opp med 80 % av endringa i konsumprisindeksen rekna frå tidspunkt for innbetaling av aksjekapitalen og til og med månaden før selskapet sitt vedtak om oppløysing vert gjort, likevel slik at tilbakebetalingskravet ikkje kan regulerast lågare enn den innbetalte aksjekapitalen på stiftingstidspunktet. Moglege overskytande midlar skal nyttast til vegprosjekt i Askøy kommune.

#### **§ 12 – Andre tilhøve**

For alle tilhøve som ikkje er særskilt regulerte i desse vedtektene, gjeld aksjelova.

\*\*\*\*\*

## Særskilte rettar

Selskapet skal bli part i bompenggeavtale med Statens vegvesen, jf. veglova § 27. Denne avtalen vil gje selskapet rett til innkreving av bompengar og vil pålegga selskapet ei rekkje plikter overfor vegstyresmaktene.

## Aksjefordeling og aksjeinnskot

Det skal betalast kr. 1000 pr. aksje. Aksjane i selskapet skal teiknast av stiftarane slik:

Hordaland fylkeskommune teiknar 180 aksjar á pålydande kr. 1000,- pr. aksje, i alt kr. 180 000.

Askøy kommune teiknar 120 aksjar á pålydande kr. 1000,- pr. aksje, i alt kr. 120 000.

## Betalingsfristen er

## Styre og revisor

Selskapet sitt styre skal frå stiftinga bestå av:

<b>Styreleiar</b>		<b>Personleg varamedlem</b>	
<b>Styremedlem</b>		<b>Personleg varamedlem</b>	
<b>Styremedlem</b>		<b>Personleg varamedlem</b>	
<b>Styremedlem</b>		<b>Personleg varamedlem</b>	
<b>Styremedlem</b>		<b>Personleg varamedlem</b>	

Selskapet sin revisor er.....

\*\*\*

Selskapet vart stifta ved stiftarane si underskrift på dette dokumentet.

Bergen.....

.....

.....

Vedlegg: Opningsbalanse datert .....2013

**OPNINGSBALANSE PR .....2013**

**NAMNET PÅ SELSKAPET: Askøy Bompengeselskap AS**

**EIGNELUTAR:**

Utestående fordringar: Kr 300 000

**Sum Kr 300 000**

**EIGENKAPITAL OG GJELD:**

Aksjekapital Kr. 300 000

**Sum egenkapital Kr. 300 000**

Stiftelsesomkostningar Kr. 0

**Sum gjeld Kr. 0**

**Sum egenkapital og gjeld: 300 000**

**Underskrifter av eigarane:**

.....

.....

.....

.....



Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Samferdselsutvalet	05.06.13	54/13	
Fylkesutvalet	20.06.13		

## **Rammeplan for avkjørsler og byggegrense 2013-2016 i Hordaland - Godkjenning av Hordaland fylkeskommune**

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 201202641-3  
Arkivnr. 812  
Saksh. Grude, Nils Egil

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Samferdselsutvalet	05.06.2013
Fylkesutvalet	20.06.2013

## **RAMMEPLAN FOR AVKJØRSLER OG BYGGEGRONSE 2013-2016 I HORDALAND - GODKJENNING AV HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

---

### **SAMANDRAG**

Rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser som no blir lagt fram for godkjenning for riks- og fylkesvegvar i Statens vegvesen Region vest erstattar rammeplanen for avkjørsler frå 2005. Rammeplanen gjeld for perioden 2013-2016. Rammeplanen er ein rettleiar for kva haldning Statens vegvesen skal ha til byggegrenser og avkjørsler i arealplanar og ved handsaming av søknader om dispensasjon frå byggegrense og krav til avkjørsler. I høve rammeplanen frå 2005 vert det små endringar i haldningsklassane i den nye rammeplanen. Statens vegvesen legg fram forslag om byggegrenser langs fylkesvegvar på høvesvis 15 meter, 30 meter og 50 meter etter kva haldningsklasse den aktuelle fylkesveggen fell inn under.

Rammeplanen vart sendt ut på høyring i kommunane i februar/mars 2012. I Hordaland er det 10 kommunar som har kome med merknader til det utsendte høyringsforslaget for rammeplanen. Nokre kommunar har fleire merknader som går på einskilte veglenker, men og merknader om byggegrenser generelt.

Fylkesrådmannen ser det som viktig at rammeplanen som no skal vere retningsgjevande for kommunane i Hordaland syter for at byggegrensene langs viktige regionale og lokale fylkesvegvar vert sett til 50 meter for å forhindre at ein byggjer ned langs vegane som i framtida kan bli utvida, endra trasé for eller liknande. Det same gjeld for byggegrensene for viktige lokalvegvar med lokal samleveg-funksjon. Her bør ein halde fast ved ei byggegrense på 30 meter.

Fylkesrådmannen presiserer at rammeplanen skal vere retningsgjevande for kommunane, og at det skal kunne søkjast om dispensasjon frå hovudretningslinjene når det ut frå ulike tilhøve ser at det kan vere aktuelt.

Fylkesrådmannen tilrår at rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser for fylkesvegar i Hordaland gjeldande frå 2013 til 2016 vert vedteken av fylkesutvalet slik den no ligg føre som vedlegg med dei tilrådingsmerknadane frå fylkesrådmannen som framgår i saksutgreiinga.

## **FORSLAG TIL INNSTILLING**

Fylkesutvalet vedtek den framlagde rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser for Hordaland for perioden 2013-2016, og godkjenner fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksutgreiinga når det gjeld haldningsklasse for dei veglenkene som einskilde kommunar har hatt merknader til i høyringsrunden.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun  
Konst. samferdselssjef

Vedlegg: Brev av 02.04.2013 frå Statens vegvesen med merknader frå kommunar  
Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks og fylkesvegar i Region vest 2013-2016  
Kartvedlegg over riks- og fylkesvegar i Hordaland og særkart for det sentrale bergensområdet



## **FYLKESRÅDMANNEN, 30.04.2013:**

Rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser som no blir lagt fram for godkjenning for riks- og fylkesvegvar i Statens vegvesen Region vest erstattar rammeplanen for avkjørsler frå 2005. I februar / mars 2012 vart forslag til ny rammeplan for avkjørsler og byggegrenser for riks- og fylkesvegvar for 2012-2015 sendt ut på høyring til alle dei 85 kommunane i Region vest. Statens vegvesen sender i brev av 02.04.13 forslaget for rammeplan for avkjørsler og byggegrenser for perioden 2013-2016 over til godkjenning i dei tre fylkeskommunane i Region vest.

### **Nærare om planen**

Rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser tek sikte på å løyse interessekonfliktar mellom Statens vegvesen som avgjerande styresmakt for riksvegvar og rådgjevande styresmakt for fylkesvegvar og kommunane som er hovudansvarlege for arealdisponeringa. Rammeplanen er ein rettleiar for kva haldning Statens vegvesen skal ha til byggegrenser og avkjørsler i arealplanar og ved handsaming av søknader om dispensasjon frå byggegrense og krav til avkjørsler.

Byggegrenser er no kome inn som ein ny del i den reviderte planen. Veglova § 29 fastset den generelle byggegrensa for både riks og fylkesvegvar til 50 meter frå vegmidte. Veglova § 29, 4de ledd opnar for at fylkeskommunen kan differensiere byggegrensa langs fylkesvegvar ned til 15 meter frå vegmidte. Statens vegvesen føreslår eit opplegg for differensierte byggegrenser som vert samordna med tidlegare haldningsklassar for avkjørsler. I høve rammeplanen frå 2005 vert det små endringar i haldningsklassane i den nye rammeplanen. Statens vegvesen legg fram forslag om byggegrenser langs fylkesvegvar på høvesvis 15 meter, 30 meter og 50 meter etter kva haldningsklasse den aktuelle fylkesvegen fell inn under.

### *Orientering om haldningsklassane*

Etter retningslinjene frå Vegdirektoratet si handbok 075 er det definert 4 haldningsklassar for avkjørsler, og Statens vegvesen Region vest tilrår dei ulike haldningsklassane slik ( sjå og rammeplanen side 27-28) :

#### **Haldningsklasse 1 (Raud):**

*Avkjørsler:* Vegane i prinsippet fri for avkjørsler-Driftsavkjørsler kan i spesielle tilfelle godkjennast- Nye avkjørsler eller utvida bruk vert berre godkjent etter reguleringsplan eller etter veglova

*Byggegrenser:* Byggegrense 50 meter – Svært viktig hovudveg, nasjonal eller regional – Nye bustader vert berre godkjent etter reguleringsplan.

#### **Haldningsklasse 2 (Gul):**

*Avkjørsler:* Talet på avkjørsler må vere svært avgrensa, gjeld og driftsavkjørsler – Hovudavkjørsler til gardsbruk bør kunne godkjennast ved oppfylte tekniske krav – Nye avkjørsler bør ikkje godkjennast utan stadfesta reguleringsplan eller etter veglova- Utvida bruk av avkjørsler bør avgrensast.

*Byggegrenser:* Byggegrenser 50 meter – Viktig hovudveg, regional eller lokal – Vanlegvis ikkje dispensasjon utan reguleringsplan.

#### **Haldningsklasse 3 (Blå):**

*Avkjørsler:* Talet på direkte avkjørsler må vere avgrensa – Gjeld og driftsavkjørsler – Nye bustadavkjørsler bør avgrensast og plassering må vurderast med omsyn på framtidig samfunnsutvikling – Utvida bruk av avkjørsle bør normalt godkjennast ved oppfylte tekniske krav.

*Byggegrenser:* Byggegrenser: 30 meter – Viktig lokalveg med lokal samlevegfunksjon – I visse Høve kan ein godkjenne oppføring av bygningar.

#### **Haldningsklasse 4 (Grøn):**

*Avkjørsler:* Nye avkjørsler kan godkjennast under føresetnad av oppfylte tekniske krav – Men der

tilhøva ligg til rette for det kan tilkomst visast til næraste eksisterande avkjørsle.  
*Byggegrenser:* Byggegrenser 15 meter – Lokalveg – I utgangspunktet vert det ikkje gitt dispensasjon for bustader og fritidsbustader innanfor byggegrensa på 15 meter.

## **Høyring i kommunane**

Når det gjeld kommunane i Hordaland skriv Statens vegvesen ( sjå vedlegg ) at dei har funne det rett å gjere mindre justeringar i haldningsklassane langs nokre fylkesvegar i høve til det høyringsforslaget som vart sendt ut til kommunane. Med to unntak gjeld dette berre mindre streng haldningsklasse på lågt trafikkerte lenker. Statens vegvesen meiner at desse endringane ikkje er omfattande nok til å utløyse behov for ny høyringsrunde i kommunane. Alle korreksjonane er no tatt med i rammeplanen, men berre korreksjonane som er gjort på veglenker som kommunane har uttalt seg om er tatt med i dette dokumentet.

I Hordaland er det 10 kommunar som har kome med merknader til det utsendte høyringsforslaget for rammeplanen. Nokre kommunar har fleire merknader som går på einskilde veglenker. Fylkesrådmannen viser til vedlegget med merknader for fullstendig orientering av merknader. Nedanfor følger ein kortfatta oversikt frå dei 10 kommunane med kommentarar frå Statens vegvesen.

### *Meland kommune*

Kommunen støttar framlegget til rammeplan, eit forslag som er tydeleg og klargjerande. Statens vegvesen gjer framlegg om at ei kort lenke på Fv 245 med funksjon som lokal samleveg (Fosenkrysset – Grasdal) vert plassert i haldningsklasse 3 ( blå) og ikkje i haldningsklasse 4 (grøn) som i høyringsforslaget.

### *Fitjar kommune*

Fitjar kommune støttar i hovudsak framlegget til rammeplanen, men ønskjer at det vert opna for å gje fråvik eller dispensasjon på lengre delstrekningar av einskilde vegar. Statens vegvesen viser til at forslaget til ei differensiert forvaltning av byggegrense langs fylkesvegane vil gje ei god oppmjuking av regelverket. Dei viser til at rammeplanen ikkje er juridisk bindande, berre rettleiande, og at alle søknader om dispensasjon om byggegrenser vert handsama som einskildsaker.

### *Osterøy kommune*

Osterøy kommune er positiv til rammeplanen, men etterlyser bakgrunnsmateriale for vurderinga og påpeiker feil i vegnettet. Dei viser m.a. til at den nye vegstrekningane Hauge-Lonevåg og Osterøybrua-Mjeldalen bør få haldningsklasse 2. Statens vegvesen er einige i dette. Osterøy kommune ønskjer å få plassert Fv 361 Haus-Votlo i haldningsklasse 4, men Statens vegvesen vil oppretthalde denne strekninga i haldningsklasse 3 med 30 meter byggegrense. Osterøy kommune vil ha tidlegare Fv 566 (no Fv 362) frå Rollandskrysset via Gjerstad fram til Lone bru, og frå Hauge via Lone til Lonevåg i haldningsklasse 3. Statens vegvesen er einige i dette. Kommunen viser til sist til Fv 372 til Bernes som dei ønskjer sett i haldningsklasse 4. Statens vegvesen støttar også dette, og med ei byggegrense på 15 meter.

### *Ullensvang herad*

Ullensvang herad viser til at det må bli tatt omsyn til høgdeforskjellane på busetnaden langs Sørfjorden når det gjeld byggegrense. Heradet ønskjer ei byggegrense på 30 meter langs Fv 550 mellom Odda og Utne. Statens vegvesen viser at dei strekningane som er plassert i haldningsklasse gul (50 meter byggegrense) er vurdert som viktige fylkesvegar med regional og/eller overordna lokal funksjon. Dei kan difor ikkje tilrå endring frå 50 til 30 meter byggegrense. Her viser Statens vegvesen igjen til at planen ikkje er juridisk bindande, berre rettleiande, og at alle søknader om dispensasjon vert handsama som einskildsaker.

### *Fjell kommune*

Fjell kommune støttar forslaget til differensierte byggegrenser langs fylkesvegane i kommunen, men har tre forslag til endring av byggegrensene; Fv 234 på Turøy – ønskjer plassert i haldningsklasse grøn (15 meter), Fv 233 arm til Ebbesvik – ønskjer plassert i haldningsklasse grøn (15 meter) og Fv 244 Ågotnes-Vindenes – ønskjer plassert i haldningsklasse grøn (15 meter), som vil vere i samsvar med gjeldande reguleringsplanar på strekninga. Statens vegvesen tilrår ikkje å endre frå haldningsklasse blå til haldningsklasse grøn på Fv 234 og Fv 224. For nære argumentasjon frå Statens vegvesen, sjå vedlegg). Når det gjeld Fv 233 arm til Ebbesvik er Statens vegvesen einige med kommunen at den smale og dårlege fylkesvegen vert plassert i haldningsklasse grøn.

### *Bergen kommune*

Bergen kommune støttar differensiering for byggegrenser slik rammeplanen legg opp til. Men kommunen meiner at det burde kome betre fram at rammeplanen skal vere retningsgjevande, og ikkje vil påvirke gjeldande planar og fastlagde byggegrenser i medhald til plan- og bygningsloven. Dei viser til at kommunen gjennom kommuneplan og reguleringsplan kan argumentere for at byggegrensene både kan aukast og redusertast ut i frå særlege lokale tilhøve. Kommunen meiner at teksten i forklaringa til kartdelen burde vere «Haldningsklassar og anbefalte byggegrenser».

Statens vegvesen viser til punkt 10.3 i rammeplanen der det vert vist til at godkjente detaljplanar og stadfesta reguleringsplanar er bindande for handsaming av saker om byggegrense og avkjørsler i planområdet. Statens vegvesen meiner at det ikkje er behov for yttarlegare presisering av dette i kartdelen. Statens vegvesen påpeiker og i sine kommentarar at etter deira syn skal rammeplanen leggjast til grunn for arealplanlegging i kommunane for områder der veg og trafikk er eit naturleg element. I nokre høve kan det gjevast dispensasjon etter god grunngjeving, men dette skal likevel vere unntaket og ikkje regelen.

### *Austevoll kommune*

Austevoll kommune meiner at 50 meter byggegrense langs fylkesvegane i kommunen vil få store negative konsekvensar, og bandlegge unødig mykje areal som kunne vere nytta til bygging. Kommunen ønskjer 15 meter byggegrense der det er fortetting med bustader i dag, og 30 meter på resten av vegnettet.

Statens vegvesen viser til veglova som frå og med 01.01.2010 har byggegrense på 50 meter langs alle riks- og fylkesvegar. For nærare argumentasjon frå Statens vegvesen sjå vedlegg. Når det gjeld Fv 546 Hufthamar-Bekkjarvik, Fv 153 Storebø-Barmen og Fv 154 Bjellandshalsen-Vikakrysset viser Statens vegvesen til at dette er hovudvegar med overordna lokal funksjon. Og dei tilrår difor haldningsklasse gul (50 meter byggegrense). Vidare at Fv 151 Bekkjarvik-Stangeland er ein viktig lokalveg med samlevegfunksjon og bør få haldningsklasse blå (30 meter). Statens vegvesen kan difor ikkje følgje ønska til Austevoll kommune for desse vegane. I tråd med ønskja frå kommunen kan Statens vegvesen tilrår haldningsklasse grøn (15 meter) for resten av fylkesvegane i kommunen.

### *Radøy kommune*

Radøy kommune er positiv til rammeplanen, men har eit endringsforslag. Det gjeld at Fv 409 Lundsaldalen-Manger-Bø-Soltveit med arm Bø-Rossnes bør få haldningsklasse blå (30 meter). Kommunen viser her til at tilsvarande vegnett i nabokommunane Lindås, Meland og Askøy der berre hovudfylkesvegane gjennom kommunen har fått haldningsklasse gul (50 meter). Radøy kommune ber og om at når det gjeld saker som gjeld mindre tilbygg på eksisterande eigedomar, så må det kunne utøvast høveleg skjøn.

Statens vegvesen viser til at Fv 409 har ein viktig lokal transportfunksjon i denne delen av kommunen fram til kommunesenteret Manger. Dei er open for ønsket frå kommunen om haldningsklasse blå (30 meter) på strekninga Lundsaldalen-Manger-Bø-Soltveit. Når det gjeld armen Bø-Rossnes, så er denne

m.a. av meir underordna karakter og Statens vegvesen kan difor akseptere haldningsklasse grøn (15 meter). Når det gjeld spørsmålet om tilbygg til eksisterande eigedom vert det vist til vedlegget.

#### *Masfjorden kommune*

Masfjorden kommune skriv i sine merknader at dei legg opp til 30 meter byggegrense langs Fv 570 gjennom kommunen i kommunen sitt forslag til kommuneplan. Statens vegvesen viser til at Fv 570 gjennom kommunen er ein viktig veg med overordna lokal funksjon. Det er viktig at denne vegen ikkje vert bygd igjen. I Statens vegvesen sine merknader til kommuneplanen har dei kravd 50 meter byggegrense langs Fv 570, og dette er følgt opp i forslaget til rammeplanen. Statens vegvesen kan ikkje tilrå kommunen sitt forslag til endring av holdningsklasse for Fv 570.

#### *Bømlo kommune*

Bømlo kommune har ingen merknader til forslaget til rammeplanen, men viser til at planen må oppdaterast i høve til dei vegprosjekta som er ferdigstilte gjennom «Bømlopakken». Statens vegvesen vil følgje opp dette.

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen er positiv til at kommunane, Statens vegvesen og fylkeskommunen no får ein rammeplan med differensierte haldningsklassar for avkjørsler og byggegrenser langs riks- og fylkesveggar som vert rådgjevande ved sakshandsaminga. Rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser tek sikte på å løyse interessekonfliktar mellom Statens vegvesen som avgjerande styresmakt for riksveggar og rådgjevande styresmakt for fylkesveggar og kommunane som er hovudansvarlege for arealdisponeringa.

Fylkesrådmannen vil nedanfor kommentere innspel frå dei av kommunane som har kome med innspel til endringar til haldningsklasser og Statens vegvesen sine kommentarar til innspela frå kommunane.

*Meland kommune* – Kommunen har ikkje merknader til at Fv 245 Fosenkrysset-Grasdalen vert plassert i haldningsklasse blå, og ikkje i haldningsklasse grøn som i det opprinnelege høyringsforslaget. Fylkesrådmannen tilrår at denne endringa vert tatt til følgje.

*Osterøy kommune* – Som vist til ovanfor ønskjer kommunen at dei nye vegstrekningane Hauge-Lonevåg og Osterøybrua-Mjeldalen bør få haldningsklasse 2 (gul). Her er Statens vegvesen einige med kommunen. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til det. Når det gjeld Fv 361 Haus-Votlo ønskjer kommunen haldningsklasse 4 (grøn), men Statens vegvesen vil oppretthalde denne strekninga i haldningsklasse 3 (blå) med 30 meter byggegrense. Fylkesrådmannen tilrår her haldningsklasse 3. Når det gjeld noverande Fv 362 frå Rollandskrysset via Gjerstad fram til Lone bru, og frå Hauge via Lone til Lonevåg i haldningsklasse 3 (blå), så er både kommunen og Statens vegvesen einige om desse endringane. Kommunen og Statens vegvesen er også einige om at Fv 372 til Bernes får haldningsklasse 4 (grøn), og med byggegrense på 15 meter. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til desse endringane.

*Ullensvang herad* – Som det går fram av merknadane frå Ullensvang herad (sjå ovanfor) så ønskjer dei at det på grunn av terrengformasjonane i heradet at det vert teke omsyn til og sette ned byggegrensa frå 50 til 30 meter for fylkesvegane, og at det lettare kan bli gitt dispensasjon frå byggegrensene. Statens vegvesen vil ikkje tilrå at det for viktige fylkesveggar i haldningsklasse 2 (gul) vert redusert byggegrense i høve til rammeplanen. Men dei viser til at rammeplanen ikkje er juridisk bindande, og at det kan søkjast om dispensasjon. Fylkesrådmannen tilrår at ein som rettleiande haldning bør oppretthalde haldningsklasse 2 for desse fylkesvegane.

*Fjell kommune* – Fjell kommune har som vist ovanfor tre forslag til endring av byggegrenser til 15 meter. Det gjeld Fv 234 på Turøy, Fv 233 arm til Ebbesvik og Fv 224 Ågotnes-Vindenes. Statens vegvesen ønskjer ikkje å gå ned frå 30 meter for Fv 234 og Fv 224, men er einige med kommunen når

det gjeld Fv 233 arm til Ebbesvik. Fylkesrådmannen tilrår at ein følgjer opp tilrådinga frå Statens vegvesen.

*Bergen kommune* – Som vist til ovanfor er Bergen kommune oppteken av at rammeplanen skal vere retningsgjevande og at det burde vore teke inn ei forklåring i rammeplanen at kommunen gjennom kommuneplan og reguleringsplan kan argumentere for at byggegrensene kan både aukast og reduserast. Fylkesrådmannen legg vekt på at når ein no får utarbeidd ein rammeplan for avkjørsler og byggegrenser, så må rammeplanen vere styrande for anna planarbeid.

*Austevoll kommune* –Kommunen argumenterar for 15 meter byggegrense der det er foretting av bustader i dag, og 30 meter på resten av fylkesvegnettet. Statens vegvesen viser til at for å få eit fungerande hovudvegnett som kan vidareutviklast i åra framover, så er det viktig at ein ikkje byggjer igjen vegnettet. Fylkesrådmannen er oppteken av at ein ikkje bygg for tett opptil fylkesvegnettet og tilrår at ein følgjer opp tilrådinga frå Statens vegvesen.

*Radøy kommune* – Kommunen har eit endringsforslag. Det gjeld at Fv 409 Lundsдалen-Manger-Bø-Soltveit med arm Bø-Rossnes bør få haldningsklasse blå (30 meter). Statens vegvesen er open for at armen Bø-Rossnes på Fv 409 får haldningsklasse 4 (grøn) og byggegrense 15 meter, men at det vert haldningsklasse 3 (blå) med byggegrense 30 meter på Fv 409 Lundsдалen-Manger-Bø. Fylkesrådmannen tilrår at ein følgjer opp tilrådinga frå Statens vegvesen.

*Masfjorden kommune* – Masfjorden kommune har lagt opp til 30 meter byggegrense langs Fv 570 i kommunen sitt forslag til kommuneplan. Statens vegvesen kan ikkje tilrå kommunen sitt forslag til endring av holdningsklasse for Fv 570. Fylkesrådmannen kan ikkje tilrå at fylkeshovudvegen gjennom kommunen får ei byggegrense på 30 meter og er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen om 50 meter byggegrense for Fv 570.

#### *Avsluttande merknader frå fylkesrådmannen*

Fylkesrådmannen ser det som viktig at rammeplanen som no skal vere retningsgjevande for kommunane i Hordaland syter for at byggegrensene langs viktige regionale og lokale fylkesveggar vert sett til 50 meter for å forhindre at ein byggjer ned langs vegane som i framtida kan bli utvida, endra trasé for eller liknande. Det same gjeld for byggegrensene for viktige lokalveggar med lokal samleveg-funksjon. Her bør ein halde fast ved ei byggegrense på 30 meter.

Fylkesrådmannen presiserer at rammeplanen skal vere retningsgjevande for kommunane, og at det skal kunne søkjast om dispensasjon frå hovudretningslinjene når det ut frå ulike tilhøve ser at det kan vere aktuelt.



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Pb. 7900  
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 201202641 Dok.nr. 2

08 APR. 2013

Arkivnr. 812

Saksh.

Eksp.

U.off.

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kjell Hisdal -

Vår referanse:  
2012/045230-032

Dykkar referanse:

Vår dato:  
02.04.2013

### **Rammeplan 2012-2015 for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegane i Region vest - Høyrings svar frå kommunane, og Statens vegvesen si handsaming av desse**

Statens vegvesen har utarbeida eit forslag til rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegane i Region vest. Den skal nyttast som ein rettleiar ved sakshandsaming av søknader om avkøyrslar og byggjegranser langs riks- og fylkesvegane i regionen. Denne erstattar rammeplan for avkøyrslar frå 2005. Praxis for handsaming av avkøyrslar vert i hovudsak vidareført i den nye planen.

Byggjegranser er no teke inn som ein ny del i den reviderte planen. Veglova § 29 fastset den generelle byggjegransa til 50 meter frå vegmidt både langs riks- og fylkesveg.

Rammeplanen er ein rettleiar kva haldning vi har til byggjegranser i arealplanar og ved handsaming av søknader om dispensasjon frå byggjegranse. Veglova §29, 4de ledd opnar for at fylkeskommunen kan differensiere byggjegransene langs fylkesveg ned til 15 meter frå vegmidt.

Etter forvaltningsreforma har fylkeskommunen ansvar for eit større vegnett enn før 2010. 50 meter byggjegranse kan synast for streng langs deler av fylkesvegnettet. Me føreslår eit opplegg for differensierte byggjegranser som vert samordna med tidlegare haldningsklassar for avkøyrslar. Haldningsklassane for avkøyrslar er endra lite i høve til den førre rammeplanen frå 2005. Aktuelle byggjegranser i Region vest vert etter forslaget 15 meter, 30 meter og 50 meter langs fylkesveg.

Forslaget til rammeplan har vore på høyring i alle 85 kommunane i Region vest. Me har fått inn svar frå 27 kommunar. Statens vegvesen har laga ein kortfatta behandlingsdel frå kommunehøyringa for å gje fylkeskommunane grunnlag for si behandling, sjå vedlegg 1.

Kartdelen til rammeplanen er justert noko i høve til høyringsutgåva frå 2012. Dette har to årsaker; nokre feil og manglar i høve til vegnettet blei avdekt under prosessen, og i nokre

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN


Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



høve fann me at kommunane sitt ønskje om endringar kunne godtakast. Kartdelen er nå oppdatert med desse endringane, og etter status på vegnettet pr. 1.1.2013, sjå vedlegg 3.

Statens vegvesen ber fylkeskommunen om å handsama vårt forslag til «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest», sjå vedlegg 2, med tilhøyrande kartdel, sjå vedlegg 3. Me ber samstundes om fylkeskommunen si støtte til at Statens vegvesen handhevar byggjegransene langs fylkesveg etter prinsippa i Rammeplanen i åra som kjem.

Med helsing



Helge Eidsnes  
Regionvegsjef

Hanne Hermanrud

3 vedlegg

## Hordaland

**Statens vegvesen** har funne det rett å gjere mindre justeringar i haldningsklassene langs nokre fylkesvegar i høve til høyringsforslaget som blei sendt ut til kommunane. Med to unntak gjeld dette berre mindre streng haldningsklasse på lågt trafikkerte lenker. Me meiner desse endringane ikkje er omfattande nok til å utløysa behov for ny høyringsrunde til kommunane. Alle korreksjonane er nå tatt med i rammeplanen, men berre korreksjonane som er gjort på veglenker som kommunane har uttalt seg om er tatt med i dette dokumentet.

*Meland kommune støtter vårt framlegg til rammeplan. Dei oppfattar forslaget som tydeleg og klargjerande, og meiner at ei samkøyring av haldningsklassar for avkøyrsløse og byggjegrensar er eit rett grep.*

**Statens vegvesen;** tek uttalen til vitande. Ei kort lenke på Fv. 245 mellom Fossekrysset og Grasdal (Hp 1 km 2,045 - 5,549) ynskjer me å gje haldningsklasse 3 (blå). Denne var i høyringsforslaget til kommunane plassert i haldningsklasse 4 (grøn). Vegen har ein viktig lokal samlevegfunksjon.

*Fitjar kommune støtter i hovudsak vårt framlegg, men ynskjer at det skal bli moglegheit for å gje fråvik eller dispensasjon på lengre delstrekningar av einsskilte vegar.*

**Statens vegvesen;** tek uttalen til vitande. I høve til veglova er byggjegrensa langs alle riks- og fylkesvegar 50 meter frå og med 1.1.2010. Forslaget til ei differensiert forvaltning av byggjegrensene langs fylkesvegane vil gje ei god oppmjuking av regelverket. Me understrekar at rammeplanen ikkje er juridisk bindande, berre rettleiande. Alle søknader om dispensasjon frå byggjegrensar vert handsama som enkeltsakar.

*Osterøy kommune er positiv til rammeplanen, men etterlyser bakgrunnsmateriale for vurderingane som er gjort og ynskjer å påpeike feil i vegnettet:*

- Ny vegstrekning Hauge – Lonevåg må inkludast å få haldningsklasse 2, (Gul)
- Fv. 566, Osterøybrua – Mjeldalen må få haldningsklasse 2 (gul)
- SVV har gjennomført endringar i nummerering på deler av vegnettet i kommunen, dette må oppdaterast.

*Osterøy kommune har følgjande forslag til endringar:*

- Fv. 361, Haus – Volo; klasse 4 (grøn), vegen har ingen gjennomkøyring.
- Tidl. Fv. 566 (nå Fv. 362) frå Rollandskrysset via Gjerstad fram til Lone bru; klasse 3 Blå, veglenka er sekundært vegnett etter opning av Hauge – Lonevåg.
- Tidl. Fv. 567 (nå Fv. 362) frå Hauge via Lone bru til Lonevåg; klasse 3 (blå), veglenka er sekundært vegnett etter opning av Hauge – Lonevåg.
- Fv. 566 Osterøybrua – Hauge; klasse 2, (gul), veglenka er ikkje internasjonalt/nasjonalt eller regionalt vegnett
- Fv. 372, til Bernes; klasse 4 (grøn) (ingen gjennomkøyring)

**Statens vegvesen;**

- ✓ Fv. 567 Hauge – Lonevåg er ei heilt ny veglenkje med høg standard og viktig lokal funksjon. Me er samd i kommunen sitt forslag og vil plassera denne i haldningsklasse 2 (gul).
- ✓ Fv. 566 Osterøybrua – Hauge er i all hovudsak ei relativt ny veglenkje med høg standard og viktig lokal funksjon. Me er samd i kommunen sitt forslag og vil plassera denne i haldningsklasse 2 (gul).
- ✓ Fv. 360, Osterøybrua – Haus er i høyringsforslaget til kommunen plassert i haldningsklasse 4, (grøn). Me er kome frem til at dette ikkje blir rett, vegen har ein viktig lokal samlevegfunksjon, og bør få haldningsklasse 3, (blå).



- ✓ Fv. 361, Haus – Volo er i dag ein smal veg utan gjennomkøyring. SVV har planar om utviding av denne vegstrekninga, og det er da truleg aktuelt å utvide langs eksisterande veg. Me ynskjer difor å oppretthalde haldningsklasse 3, (blå) med 30 meter byggjegrænse.
- ✓ Fv. 362 (tidl. Fv. 566/567), Rollandskryssset – Lone bru – Lonevåg har ein viktig lokal samlevegfunksjon. Me er einige i forslaget frå kommunen og vil gje lenka haldningsklasse 3 (blå), og ikkje 2 (gul).
- ✓ Fv. 362 Hp. 50 (tidl. Fv. 567), Haugvik – Lone bru er nå berre ein lokalveg etter at ny veg Hauge – Lonevåg opna. Denne kan få haldningsklasse 4, (grøn).
- ✓ Fv. 363, Solbjørg bru – Hatlandsskiftet har ein viktig lokal samlevegfunksjon. Me vil gje denne lenka haldningsklasse 3 (blå), og ikkje 2 (gul).
- ✓ Fv. 372, Byrkjeland – Bernes er ein smal veg av låg standard utan gjennomkøyring. Me seier oss einige i Osterøy kommune sitt forslag, og vil gje denne vegen handlingsklasse (4) grøn med 15 meter byggjegrænse.

*Ullensvang herad tek opp problemstillinga rundt store høgdeforskjellar i terrenget og 50 meter byggegrense. Dei ynskjer at det blir tatt omsyn til dei spesielle forholda ein har langs Hardangerfjorden, slik at det lettare kan gjevast dispensasjonar når det skal byggjast høgt over eller langt under vegen. Heradet ynskjer og 30 meter byggjegrænse langs Fv. 550 mellom Odda og Utne.*

**Statens vegvesen;**

Dei enkelte fylkesvegane er plasserte i ulike haldningsklassar på bakgrunn av mellom anna ÅDT (kjt/døgn), vegstandard og funksjon. Dei strekningane som er plasserte i haldningsklasse 2 (gul) vert vurdert som viktige fylkesvegar med regional og/eller overordna lokal funksjon. Me kan ikkje tilrå endring av haldningsklasse 2 (gul) med byggjegrænse 50 meter for Fv. 550 Odda – Utne. Me understrekar at rammeplanen ikkje er juridisk bindande, berre rettleiande. Alle søknader om dispensasjon frå byggjegrænser vert handsama som enkelt saker.

*Fjell kommune støtter forslaget med differensierte byggegrensar langs fylkesvegane i kommunen. Dei har tre forslag til endringar av grensene:*

- Fv. 234 på Turøy, ynskjer dei byggjegrænse 15 meter.
- Fv. 233 arm til Ebbesvik, ynskjer dei byggjegrænse 15 meter.
- Fv. 224 Ågotnes – Vindenes ynskjer dei byggjegrænse 15 meter, som da vil være i samsvar med gjeldande reguleringsplanar på strekninga.

**Statens vegvesen;**

- ✓ Fv. 234 til Turøy er rimeleg ny, har god standard og funksjon som ein lokal samleveg. Langs vegen er det i dag berre 4-5 hus. På Turøy finns og eit kommunalt vegnett, der husa ligg tett. Me meiner at nye areal til fritidsbustadar eller bustadhus kan plasserast på ein god måte i høve til fylkesvegen med ein byggjegrænse på 30 meter. SVV tilrår difor ikkje å endre haldningsklassa frå 3 (blå) til 4 (grøn) slik Fjell kommune ynskjer.
- ✓ Fv. 233 arm til Ebbesvik er ein smal veg med dårleg standard, med funksjon som lokalveg. Me seier oss einige i Fjell kommune sitt forslag, og vil gje denne vegen handlingsklasse 4 (grøn) med 15 meter byggjegrænse.

- ✓ Fv. 224 er delvis av rimeleg god standard, og den har funksjon som viktig lokalveg. SVV meiner difor at haldningsklasse 3 (blå) med byggjegrænse 30 meter er rett på denne vegstrekninga. At det i område eksisterer reguleringsplanar av ulik alder og ulik byggjegrænse er noko ein berre må leve med. Etter kvart som reguleringsplanane går ut på dato vil det vere Rammeplanen som er med på å styre byggjegrænsene på ein samordna og oversiktleg måte.

*Bergen kommune støtter differensiering av byggjegrænser som rammeplanen legg opp til. Samstundes meiner kommunen at det burde kome betre fram at rammeplanen skal vere retningsgjevande, og at den ikkje vil påverke gjeldande planar og fastlagde byggjegrænser i medhald til plan- og bygningslov. Dei påpeikar at kommunen gjennom kommuneplan og reguleringsplan kan argumentera for at byggjegrænsene både kan aukast og reduserast ut i frå særlege lokale høve. Dei meiner at dette burde vore tatt inn i forklaringa til kartdelen med teksten «Haldningsklassar og anbefalte byggjegrænser»*

**Statens vegvesen;**

At godkjende detaljplanar og stadfesta reguleringsplanar er bindande for handsaming av saker om byggjegrænse og avkøyrsløse i planområdet kjem fram i punkt 10.3 i rammeplanen. Me meiner at ei ytterlegare presisering av dette i kartdelen ikkje er naudsynt.

Etter vårt syn skal rammeplanen leggjast til grunn for arealplanlegginga i kommunen, for område der veg og trafikk er eit naturleg element. I nokre høve kan det gjevast dispensasjon etter god grunngeving. Dette skal likevel vere unntaket og ikkje regelen. SVV ser frem til godt samarbeid med Bergen kommune om reguleringsplanar i kommunen i tida framover.

*Austevoll kommune meiner at 50 meter byggjegrænse langs fylkesvegane i kommunen vil få store negative konsekvensar, og bandleggje unødig mykje areal som kunne vore nytta til bygging. Kommunen ynskjer 15 meter byggjegrænse der det finst fortetting med bustader i dag, og 30 meter på resten av vegnettet. Endringane er illustrerte på eit eige kart som er lagt ved høyringssvaret frå kommunen.*

**Statens vegvesen;**

I høve til veglova er byggjegrænse langs alle riks- og fylkesvegar 50 meter frå og med 1.1.2010. Austevoll kommune er i vekst, og avhengig av eit godt fungerande hovudvegnett som kan vidareutviklast i åra framover. For å få til dette er det viktig at me ikkje byggjer igjen vegnettet. For gode og trygge bumiljø er det viktig at ein klarer å etablere ei sone mot veg som tek vare på trafikktryggleik. Forsking syner at eit trygt leikeareal for born bør vere på om lag 100 meter frå bustadhuset. Ei byggjegrænse på 50 meter er eigentleg eit kompromiss der fleire omsyn er vekta.

Fv. 546 Hufthamar – Bekkjarvik, Fv. 153 Storebø – Barmen og Fv. 154 Bjellandshalsen – Vikakrysset er etter vårt syn alle hovudvegar med overordna lokal funksjon. Me tilrår difor haldningsklasse 2 (gul) med 50 meter byggjegrænse på desse vegane. Fv. 151 Bekkjarvik – Stangeland er ein viktig lokalveg med samlevegfunksjon og bør få haldningsklasse 3 (blå) med 30 meter byggjegrænse. Me kan difor ikkje tilrå å følge ynska til Austevoll kommune på desse vegane. Resten av fylkesvegane i kommunen kan få den lågaste haldningsklassa 4 (grøn), med 15 meter byggjegrænse, i tråd med forslaget frå kommunen.

*Radøy kommune er positiv til rammeplanen, men har eit endringsforslag til vegnettet i planen:*

- ✓ Fv. 409 Lundsdaalen – Manger – Bø – Soltveit med arm Bø – Rossnes bør få klasse 3 (blå). Dei syner til tilsvarande vegnett i nabokommunane Lindås, Meland og Askøy der berre hovudfylkesvegane gjennom kommunen har fått klasse 2 (gul). Sekundært ber dei om at i alle fall armen Bø – Rossnes må få klasse 3 (blå).

*Radøy ber om at det må utøvast høveleg skjøn når det gjeld sakar om mindre tilbygg på eksisterande eigedomar innafør haldningsklassane.*

**Statens vegvesen;**

- ✓ Fv. 409 har ein viktig lokal transportfunksjon i denne delen av kommunen fram til kommunesenteret på Manger. Me kan difor etterkome ynsket frå kommunen om haldningsklasse 3 (blå) på strekninga Lundsdaalen – Manger – Bø – Soltveit, med byggjegrænse 30 meter.
- ✓ Armen Bø – Rossnes er av meir underordna karakter, og fungerer berre som ein lokalveg. Vegen går gjennom eit LNF-område med spreidd busetnad. SVV vil difor gå inn for at denne armen får haldningsklasse 4 (grøn) med byggjegrænse 15 meter.

Byggjegrænsa gjeld for alle typar nybygg. Kvar enkelt søknad om dispensasjon vert vurdert individuelt, og det vert utøvd skjøn i kvart enkelt høve. Under pkt. 10.6 i tekstdelen står det følgjande; «for vegar med overordna lokal funksjon og vegar med lokal samlevegfunksjon innan tettstadsområda, kan det på visse vilkår praktiserast ei meir lempelig handsaming av søknad om avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse. Føresetnaden er at handsaminga ikkje er i strid med gjeldande planar».

*Masfjorden kommune gjer merksam på at dei legg opp til 30 meter byggjegrænse langs Fv. 570 gjennom kommunen i deira forslag til kommuneplan.*

**Statens vegvesen;**

Fv. 570 gjennom Masfjorden kommune er ein viktig hovudveg med overordna lokal funksjon. Det er viktig at denne vegen ikkje vert bygd igjen, slik at me for framtida kan utvikle vegen som ei sikker og effektiv ferdsleåre. I vår uttale til kommuneplanen har SVV kravd 50 meter byggjegrænse langs Fv. 570. Dette blir nå følgt opp gjennom forslaget til Rammeplan. Me kan difor ikkje støtte kommunen sitt forslag til endring av haldningsklasse for Fv. 570.

*Bømlo kommune har ingen merknader til rammeplanen, men gjer merksam på at planen må oppdaterast i høve til dei vegprosjekta som er ferdigstilt gjennom «Bømlapakken».*

**Statens vegvesen;** tek uttalen til vitande, og vil syte for at karta blir oppdaterte.

*Frå kommunane Etne, Sveio, Stord, Tysnes, Kvinherad, Jondal, Odda, Eidfjord, Voss, Fusa, Samnanger, Os, Sund, Askøy, Vaksdal, Modalen, Øygarden, Lindås, Austrheim og Fedje, og herada Kvam, Ulvik og Granvin har me ikkje fått inn høyringssvar i saka.*



**SAKNR.** 55/13  
**MØTEDATO** 05.06.13

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Saksordfører</b>
Samferdselsutvalet	05.06.13	55/13	
Fylkesutvalet	20.06.13		

## **Transportordninga for funksjonshemma - påfylling av kvotebeløp**

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200802624-15  
Arkivnr. 8325  
Saksh. Nordnæs, Merethe Helland

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Samferdselsutvalet	05.06.2013
Fylkesutvalet	20.06.2013

## **TRANSPORTORDNINGA FOR FUNKSJONSHEMMA - PÅFYLLING AV KVOTEBELØP**

---

### **SAMANDRAG**

I samband med budsjetthandsaminga i fylkestinget 11.12.2012 sette Jostein Ljones på vegne av Sp fram et oversendingsforslag angående inndraging av ubrukt TT-kvotepost for 1. halvår.

Gjeldande ordning er at TT-kortet vert påfylt 2 gonger pr. år, den 1. januar og den 1. juli, og unyttta TT-kvotepost vert ikkje overført til neste periode.

Det er eit sterkt ynske frå dei funksjonshemma sine organisasjonar om å få overføra ubrukt TT-kvotepost frå 1. til 2. halvår. Dette let seg gjera reint teknisk, og det ser heller ikkje ut til at det vil få budsjettmessige fylgjer. Fylkesrådmannen rår difor til at denne endringa vert gjennomført frå kommande kvoteskifte.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

Fylkesutvalet godkjenner endring for TT-ordninga ved at unyttta TT-kvotepost i fyrste halvår ikkje vert trekt tilbake ved kvoteskiftet 1. juli.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun  
konst. samferdselssjef

## FYLKESRÅDMANNEN, 24.05.2013:

### Bakgrunn for saka

Transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga) er eit ikkje lovfesta tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. Målgruppe er personar som er «grovt forflytningshemma» og difor ikkje kan nytte offentleg transportmiddel. TT-ordninga gjeld fritidsreiser. Det er to prioriterte grupper i TT-ordninga, blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar. Andre med nedsett mobilitet kan også søkja. Kvar TT-brukar får tildelt ein fast sum på TT-kortet. Det er påfylling på TT-kortet 2 gonger pr. år. Unyttta TT-kvotene vert ikkje overført til neste periode.

I samband med budsjetthandsaminga i fylkestinget 11.12.2012 sette Jostein Ljones på vegne av Sp fram slikt oversendingsforslag:

*«Senterpartiet foreslår at brukarane i TT-ordninga får tildelt ein årleg kvote. Inndraging av ubrukt kvote skjer ved årsskiftet. Praksis med inndraging av ubrukt kvote etter 1. halvår opphøyrer. Budsjettet for TT-ordninga vert justert i forhold til ny praksis.»*

### Gjeldande TT-ordning

Pr. 01.01.2013 var det 13.504 godkjente brukarar i Hordaland. Om lag 60 % av brukarane er busett i Bergen kommune. I 2012 vart det utført 205 311 TT-turar med drosje, som vart betalt ved bruk av TT-kortet.

Gjeldande ordning er at TT-kortet vert påfylt 2 gonger pr. år, den 1. januar og den 1. juli. Påfyllinga skjer automatisk, og unyttta TT-kvotene vert ikkje overført til neste periode.

Bakgrunnen for at denne ordninga vart valt var at TT-brukarane skulle vera sikra midlar til å reisa for både i 1. og 2. halvår.

Dei funksjonshemma sine organisasjonar ynskjer å få innført ei ordning der ein ikkje får avkorta den unyttta kvoten ved påfylling 1. juli. Ein grunnjev dette med at det generelt er eit høgare aktivitetsnivå på foreningsfronten i 2. halvår. I tillegg ligg sommarferien og julehøgtida i denne perioden, noko som skulle tilseie større etterspurnad etter reiser.

### Utnytting av kvotane

Tabellen under syner kva som vart sett inn på TT-korta og kva som vart trekt tilbake i 2012:

Dato:	Sett inn kvote:	Tilbakeført kvote:	Forbruk:
01.01.12	-	18,2 mill	-
01.01.12	34,7 mill	-	-
01.07.12		18,5 mill	19,2 mill (55,3%)
01.07.12	36,2 mill		
01.01.13	-	17,9 mill	18,3 mill 50,5 %

Det går fram av tabellen ovanfor at det vert tildelt om lag 70 millionar kvart år til TT-køyring. Om lag halvparten av desse midlane vert trekte inn att, som unyttta kvote. Ein ser av tabellen at utnyttinga av kvotane var større i 1. halvår enn i 2. halvår 2012. Ein kan ut frå dette ikkje konkludera med at det er større etterspurnad etter midlar i 2. halvår i forhold til 1. halvår. Vi kan likevel ikkje sjå bort frå at einskilde personar har auka trong for midlar i 2. halvår, men at dette ikkje gjev seg utslag i det totale forbruket.

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen registrerer at det er eit sterkt ynskje frå dei funksjonshemma sine organisasjonar om at restkvotane ikkje må tilbakeførast ved påfylling av ny kvote per 1. juli. Reint teknisk er dette mogeleg å få til, alt frå kommande kvoteskifte 1. juli 2013. Innhenting av data frå 2012 syner at det ikkje er større forbruk av tildelt kvote i 2. halvår enn i 1. halvår. Det skal tilseia at det ikkje er ein vesentleg økonomisk risiko knytt til å opna for at unytta kvote for 1. halvår vert vidareført til 2. halvår. Fylkesrådmannen vil difor rå til at dette vert gjennomført frå kommande kvoteskiftet 1. juli 2013.